



Illustrasjonsbilde

Samanfatting av høyrings svar

KOMMUNEDELPLAN FOR SJØAREAL

I dette dokumentet vert alle innspel frå private og offentlege høyringsinstansar i samband med høyring og offentlig ettersyn samanfatta og vurdert. Dokumentet skal følgje saka.



Innhold

Generelle innspel frå offentlege høyringspartar	3
Generelle innspel	16
Innspel sortert på område	24
VA01 Apalset og VA11 Stokkenes	24
VA21 Dragsfalla	25
VA22 Salt	25
VA23 Barmsund, VA24 Røyset, VA25 Loksvika	26
VA33 Vetrhusstranda	27
VA42 Krokepollen VA43 Storøya	28
VK41 Kalvneset kombinert føremål akvakultur og hamneføremål	29
VA44 Åsneset og VA45 Midthjell	31
VA46 Haus VA47 Ervikskorane	33
VA49 Orheimsvika VA50 Løkjaneset VA51 Fjøsvika	36
VA52 Hamneset – Torheimsneset VA53 Torvneset	39
VA54 Hjellevika, VA55 Breivika, VA56 Lotestranda	43
VA57 Aust for Åseskjeret	45
Leikanger: (Stokkenes til Sjøstad)	46
Kjøde	47
Berstad	50
Eide	51
Lesto	52
Hatlenes	55
Bådane /Reset	55
Selje sentrum	57

Salt.....	57
Moldestad	58
Flatraket	59

Innspel frå offentlege høyringspartar

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Statsforvaltaren i Vestland	Samordna fråsegn til offentlig høyring Fråsegn 2. ettersyn Fråsegn til 1. ettersyn	Merknader frå 1. og 2. ettersyn er svara ut i tidlegare tilbakemeldingar til statsforvaltaren
	<p>Generelt om masseforvaltning</p> <ul style="list-style-type: none"> - viser til at det er planlagt for bruk av meir massar enn tilgjengeleg - held fast på at dumping i Moldefjorden må vurderast som alternativ framfor etablering av massar i område som kjem i vesentlege konflikt med nasjonale og viktige regionale interesser, og der behovet og samfunnsnyttan ved landvinning ikkje er vesentleg - Legg til grunn at 2 av 3 næringsareal i Moldefjorden går ut av planen, og tilbakeførast til fleirbruksområde i sjø/LNF. - rår klart til å velje område BN23 i Moldefjorden som framtidig offentlig næringsområde. BN23 omfattar ei utviding av eit alt etablert næringsområde, framfor å opne for ei ny, stor fylling ved Lestovika eller Hatleneset - stiller spørsmål til kommunen si vurdering av at det ikkje er naudsynt med oppdatert konsekvensutgreiing for område som opnar for utvida utfyllingsområde, som BN25 og BN23. Det er stilt krav om reguleringsplan for områda, og eventuelle naudsynte utgreiingar og omsyn til landskap, naturmiljø, nærmiljø (i form av t.d. støy og lys) m.m. må då grundig vurderast og avklarast gjennom utarbeiding av reguleringsplan. 	Desse momenta vert teke omsyn til ved prioritering av næringsareal
	<p>Motsegnspunkt etter 3. høyring:</p> <ul style="list-style-type: none"> - VHS22 Eide, slik det er vist i den avgrensa høyringa - VHS01 Leikanger hamn, slik planen no ligg før - BA05 Skorge - BA22 Lesto - BFT 21 Berstad, slik området no er avgrensa - VA 53 Torvneset, dersom ikkje artsgruppene vert avgrensa til skjel og vasslevande plantar - fleire av bokstavgrensingane i føresegn 5.1, slik dei er formulerte. Statsforvaltaren ønskjer vidare dialog om 5.1. <p>Statsforvaltaren har også nokre andre mindre punkt med motsegn grunnlag i teksten og nokre viktige tilrådingar utan motsegn</p>	Motsegnpunktene vert kommentert under kvart enkelt område/føresegn.

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
	<p>Statsforvaltaren varslar også motsegn dersom vi vel å ta inn att BFT23/VHS23 Salt, BN27/VHS25 Bådane Reset, VA47 Ervikskorane, VA55 Breivika.</p>	
	<p><u>Føresegn 5.6 Akvakultur og kombinert føremål:</u> Det er ein føresetnad for at Statsforvaltaren ikkje fremjar motsegn mot nye og endra akvakulturområde i planen, at den føresegna som skal sikre god natur- og miljøtilstand i fjorden vert ståande utan siste setning, med juridisk binding i planen.</p>	<p>Føresegna seier: <i>Med bakgrunn i at nasjonale miljøstandardar alt er overskridne innafor kommunen sine sjøareal, kan tiltak etter særlovar berre tillatast dersom aktiviteten kan skje utan forverring av miljøtilstand. (PBL § 11-9, nr.6).</i></p> <p>Setninga «For eksisterande anlegg gjeld dette berre ved søknad om vesentleg endring av anlegg» er teke ut. Grunnlaget for motsegn skal då vere borte</p>
	<p><u>Føresegn 5.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - fremjar motsegn mot fleire av bokstavgjorda i 5.1, og ønskjer vidare dialog om dette. - gjeld særleg punkt c, e, f og g i føresegnene datert 3.12.21 (og d, f, g, h, i og j i versjonen frå 18.1.22). <p>Føresegnene i dette punktet gjeld for fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsel, farlei og fiske i sjø, der akvakultur, utfylling og deponering ikkje er tillat. Det er i dei vidare påfølgjande underpunktene opna for fleire ulike tiltak, som det skal vere unntak for, utan at det er spesifisert nærare kvar dei ulike tiltaka kan tillatast, omfang av tiltaka og utan at verknadene av tiltaka for m.a. naturmiljø, friluftsliv og landskap er vurderte. Den samla verknaden av desse tiltaka er såleis ikkje konsekvensutgreidde.</p> <p>Det er lagt inn ei generell opning for bygningar, mindre anlegg og opplag i 100-metersbeltet langs sjøen med sikte på landbruk, reindrift, fiske, fangst, akvakultur og ferdsel til sjøs. Statsforvaltaren er positive til at det vert planlagt for tiltaka i unntaksbestemmelsen i pbl § 1-8 fjerde ledd, men meiner at opninga for tiltaka for vid.</p> <p>Føresegna opnar generelt for utbygging av brygger i tilknytning til naust og nausttomter innanfor arealformålet § 11-7 nr. 6. Dersom kommunen ønskjer å opne for spreidd utbygging av slike anlegg, lyt formålet, omfanget og lokaliseringa vere «<i>nærmere angitt</i>» i arealplanen, jf. § 11-11 nr. 2. Kravet</p>	<p>Motsegna gjeld følgjande punkt (vi gjer merksam på at versjon frå 18.01.22 har feil bokstaverings):</p> <ul style="list-style-type: none"> c. <i>Utlegging av sjøleidningar for vatn, avløp, varmpumper, straum- og telenett kan tillatast på havbotnen.</i> e. <i>Vedlikehald, fjerning og nyetablering av navigasjonsinstallasjonar innanfor planområdet er tillat, jf. pbl. § 1-8, 4.ledd og § 11-11 nr. 4.</i> f. <i>Flytebrygger i tilknytning til naust og frådelt nausttomter, kan tillatast etter søknad, innanfor hovudformålet. Tiltaka er søknadspliktige etter plan- og bygningslova og etter hamne- og farvasslova. Tiltaket må følge gjeldande rettleiar frå NVE. Flytebryggene skal ikkje vere større enn 30 m² utanom landgangen og kan ikkje plasserast i omsynssone H560 naturmiljø.</i> g. <i>Det er tillat med naudsynte bygningar, mindre anlegg og opplag i 100-metersbeltet langs sjøen med sikte på landbruk, reindrift, fiske, fangst, akvakultur og ferdsel til sjøs jf. pbl. § 11-11 nr. 4. Brygger i tilknytning til fiske, akvakultur, ferdsel til sjøs, kan tillatast etter søknad. Alle</i>

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
	<p>om lokalisering etter § 11-11 nr. 2 føreset at kommunen har gjort ei konkret vurdering, og at framstillinga er så presis at både kommunestyret, regionale og statlege styresmakter kan ta stilling til verknaden av arealbruken.</p> <p>Ei generell føresegn om at flytebyggjer er tillate i tilknytning til alle naust og nausttomtar, innfrir ikkje lovkravet i § 11-11 nr. 2. Føresegna har såleis ikkje rettsverknad, tiltak vil framleis vere avhengige av dispensasjon frå arealformål og byggegrense, der det evt. er motstrid.</p> <p>I føresegnene er det lagt inn presiseringar til punktet om byggjer, og fleire bokstavgjeldingar med konkretisering av tiltak det skal opnast for. M.a. er det føreslege at det for Moldefjorden og Kjødepollen skal vere tillat med molo og støttemurar som bølgevern for eksisterande naust og kaier. Statsforvaltaren motset seg ikkje nødvendige sikringstiltak for å utbetre skade som oppstår av bølgepåverknad pga. endra situasjon med skipstunnelen. Opninga for tiltak er likevel for vid slik ho er føreslegen.</p> <p>Når det gjeld navigasjonsinstallasjonar og sjøleidningar kan det ikkje opnast for tiltak som gjeld arealendring eller krev reguleringsplan. Også desse punkta må konkretiserast nærare</p> <p>Statsforvaltaren ønskjer vidare dialog om føresegn 5.1</p>	<p><i>tiltak/byggearbeid i sjø, inkludert mudring og dumping, krev handsaming etter plan og bygningslova, hamne- og farvasslova og forureiningslova. Tiltaket må følge gjeldande rettleiar frå NVE. Bryggene skal ikkje vere større enn 50 m² utanom landgangen, og kan ikkje plasserast i omsynssone H560 naturmiljø.</i></p> <p><i>h. Det er høve til å utføre naudsynt vedlikehald i form av forsterking av eksisterande kaier og moloanlegg. Alle tiltak/byggearbeid i sjø, inkludert mudring og dumping, krev handsaming etter plan og bygningslova, hamne- og farvasslova og forureiningslova.</i></p> <p><i>i. For Moldefjorden og Kjødepollen er det tillat etter søknad å oppføre molo og støttemurar som skal fungere som vern for eksisterande naust og kaier. Alle tiltak/byggearbeid i sjø, inkludert mudring og dumping, krev handsaming etter plan og bygningslova, hamne- og farvasslova og forureiningslova. Tiltaket må følge gjeldande rettleiar frå NVE. Bryggene skal ikkje vere større enn 30 m² utanom landgangen, og kan ikkje plasserast i omsynssone H560 naturmiljø. Føresegna skal ivareta ulemper som kjem av auka båttrafikk som følgje av Stad skipstunnel.</i></p> <p>Kommunen tek Statsforvaltaren si motsegn til vitande, og tek sikte på å løyse spørsmåla gjennom dialog.</p>
	<p><u>Føresegn 1.7.3 Byggegrense mot sjø</u> Her gjeld motsegna tilsvarande tilhøve som føresegn 5.1</p>	<p>Føresegna seier : <i>Tiltak skal vurderast etter PBL § 1-8 og statlege planretningslinjer for strandsona</i></p> <ol style="list-style-type: none"> <i>1. Byggegrense mot sjø vert avklara i detaljregulering av dei aktuelle områda på land.</i> <i>2. Byggegrense mot sjø for følgjande areal som ikkje har krav om detaljreguleringsplan, BN01</i>

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
		<p><i>Stokkenes, BN21 Lestoneset og BA23 Håvik, er lik formålsgrensa</i></p> <p>3. <i>Det er forbod mot inngrep i nærmare avstand enn 1 km frå inngrepsfrie naturområde.</i></p> <p>4. <i>Det er tillate med naudsynte bygningar, mindre anlegg og opplag i 100-metersbeltet langs sjøen med sikte på landbruk, reindrift, fiske, fangst, akvakultur og ferdsel til sjøs jf. pbl. § 11-11 nr. 4. Brygger i tilknyting til fiske, akvakultur, ferdsel til sjøs, kan tillatast etter søknad. Alle tiltak/byggearbeid i sjø, inkludert mudring og dumping, krev handsaming etter plan og bygningslova, hamne- og farvasslova og forureiningslova. Tiltaket må følge gjeldande rettleiar frå NVE og kan ikkje plasserast i omsynssone H560 naturmiljø.</i></p> <p>Kommunen meiner denne føresegna vart avklara i dialogmøte med Statsforvaltaren, då nytt punkt 4 vart lagt inn.</p> <p>Kommunen tek Statsforvaltaren si motsegn til vitande, og tek sikte på å løyse spørsmåla gjennom dialog</p>
	<p><u>Føresegn 2.2 og 2.3</u></p> <p>Statsforvaltaren viser til at intensjonen er at <i>unntaket gjeld for vedlikehald og forsterking, utan at fotavtrykket på botnen eller storleiken på moloar og kaier vert utvida</i>. For å gjere dette eintydig, rår dei til å bruke ord som «vedlikehald» i staden for «utbetring», eller på anna måte presisere dette</p>	<p>Kommunen meiner at føresegnene er tydelege. Det går også fram av føresegnene at kommunen <u>kan</u> krevje reguleringsplan</p>
	<p><u>Føresegn 5.1.d Fortøyingar i fleirbruksområde</u></p> <p>Statsforvaltaren viser til fråsegn til 2. gong ettersyn, datert 5.11.21, og rår sterkt til synleggjere i planen kvar fortøyingar til framtidige lokalitetar kan kome.</p> <p>Tidlegare fråsegn seier at:</p> <ul style="list-style-type: none"> • fortøyingar kan fortrenge andre allmenne interesser (t.d. fritidsfiske og linefiske), og at planlegging handlar om å avvege interesser mot kvarandre. 	<p>Stad kommune held fast ved tidlegare vurdering. Å avklare kvar fortøyingane skal gå må gjerast når det vert laga ei fortøyinganalyse. Det er ikkje mogleg å vite nøyaktig kvar det er best å fortøye eit oppdrettsanlegg før denne analysen er på plass. Å plasserer fortøyingane etter fortøyinganalysen er avgjerande for at anlegget vert sikra mellom anna mot rømming. Ved å ha føresegna slik unngår ein unødige og</p>

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
	<p>Det gir betre informasjon og betre medverknad, og vil vere meir føreseieleg, å vise fortøyingane i kartet t.d. som kombinert føremål.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Statsforvaltaren er ikkje samd i at det generelt er få interesser i vassøyla og sjøbotnen i sjøområda i Stad kommune. Avgrensinga mot andre interesser vil ikkje vere godt nok avklart i plan dersom planen opnar for fortøyingar i heile fjordsystemet. • Statsforvaltaren skriv at for nye anlegg vil det vere rett å heller bruke modellen nedst på side 100 i rettleiaren, der området for eventuelle nye anlegg på overflata kan plasserast er vist med VA-føremål og kombinert føremål for fortøyingar ligg utanfor. Føresegnene til det kombinerte føremålet kan seie kva arealinteresser som er prioritert i området. 	<p>tidkrevjande dispensasjonssøknadar dersom areal som vert sett av ikkje er dekkjande for behovet. Dei arealføremåla som kan kome i konflikt med fortøyingane er tekne omsyn til i føresegna.</p> <p>Nordfjorden er ein fjord med lite yrkesfiske og er i grøn i Fylkeskommunen si multikriterieanalyse for lokalisering av akvakultur, dvs ingen eller få konflikstar med andre interesser. Fortøyingar skapar størst konflikt med utøving av trålfiske, men det foregår ikkje eit slikt fiske i Nordfjorden. Vanlig fritidsfiske vert ikkje betydeleg påverka av fortøyingar.</p> <p>Dersom det er grunn til å tru at det er korallførekomstar der fortøyingane kan kome, vil både statsforvaltar og fiskeridirektoratet i ein søknadsprosess etter akvakulturlova, kunne krevje KU for å få dette undersøkt. Det vart gjort ved Silda i tidlegare Vågsøy kommune seinast i 2018.</p>
	<p><u>Føresegn 5.7.1 Unntak frå krav om detaljreguleringsplan innanfor arealformål VS</u> Statsforvaltaren føreset at siste ledd i 5.7.1, om etablering av mindre moloar til sikring mot sjø berre gjeld for områda som er lista opp i 5.7 (VS1, VS24 og VS41), og ikkje eventuelle andre VS-anlegg i den grad det er fleire slike i planen. Dette må gå eintydig fram av føresegnene og må presiserast. Sjå også merknader om byggjegranser</p> <p>I og med at pbl. § 1-8 gjeld i desse områda, må alle tiltak (jf. pbl. § 1-6) likevel handsamast som dispensasjon frå pbl. § 1-8, og sendast på høyring på vanleg måte. Tilsvarande gjeld dersom det er opna for andre mindre tiltak der byggjegransa mot sjø ikkje er vurdert og avklart i planen.</p>	<p>Vi tek fråsegna til orientering. Føresegna gjeld berre dei tre areala som er nemnde konkret. For oss er det tydeleg kva regelverk som ligg innanfor dei ulike områda</p>
	<p><u>Føresegn 5..8.1.1 Private flytebyggjer</u> Denne føresegna opnar for flytebyggjer i område VHS21. Vi rår til å ta inn setninga om at det ikkje kan leggst flytebyggjer i område H560 (ålegras), slik det er føreslege i endringane 18.1.22</p>	<p>Det er teke inn setning om at det ikkje kan leggst flytebyggjer i område med ålegraseng</p>

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
	<p><u>Samfunnstryggleik og beredskap</u> For område som eventuelt skal realiserast utan å gå vegen om reguleringsplan, må ROS-analysen til kommunedelplanen vere uttømmmande og detaljerast ned på faresonenivå med innteikning av omsynssoner i plankartet og med konkrete føringar/krav til oppfølging i planføresegnene. For område der det vert stilt krav om reguleringsplan er det tilstrekkeleg med kartlegging på aktsemdsnivå, men også her bør det teiknast inn omsynssoner og stillast krav til oppfølging i planføresegnene (dvs. krav om reguleringsplan inkl. detaljert kartlegging/analyse av risiko og sårbarheit på faresonenivå). Kommunen har eit eige ansvar for å fremje samfunnstryggleik i planlegginga, og vi rår kommunen til å nøye vurdere om faren er godt nok ivareteken for område der denne planen er siste plannivå.</p>	<p>Dei forholda som er påpeika av statsforvaltar si fråsegn av 09.04.21 er retta opp. Det er for eksempel stilt klare krav om utarbeiding av reguleringsplan der spesifikke tema må nærare kartleggast m.a. skredfare.</p> <p>For området som kan utbyggast utan krav om reguleringsplan er det m.a. stilt krav om naturfarekartlegging og vurdering, og kartlegging av marint biologisk mangfald. Det er lagt inn fleire omsynssoner i plankart, og krav i føresegner. Endå ei omsynssone vil gjere kartet vanskeleg å lese.</p>
	<p><u>BN02 Vanylvsfjorden Per Stave AS</u> Legge inn i føresegnene at omsyn til landbruk, marint naturmangfald, sårbare artar i området, naturrisiko og ev. støy må utgreiast i reguleringsplan</p>	<p>Det er krav til detaljreguleringsplan der dette vert vurdert.</p>
	<p><u>BA 21/VHS22 Eide</u> Statsforvaltaren fremjar motsegn mot VHS22 slik det er vist i den avgrensa høyringa Under føresetnad av at avgrensa av VHS22 vert slik det er føreslege i kartutsnitt datert 19.1.2022 (der kalla BA21), kan dei likevel kunne akseptere tiltaket. Sidan det ikkje er stilt krav om reguleringsplan, bør det stillast vilkår i føresegnene for å sikre god estetisk utforming og god landskapstilpassing av moloen som skal byggast innanfor VS22/BA21.</p>	<p>Arealet vert avgrensa i samsvar med tilbakemelding frå Statsforvaltaren. Nytt formål BA21.</p>
	<p><u>VHS01 Leikanger hamn</u> Med tilvising konsekvensutgreiinga, om negative verknader og med tilråding om vesentleg reduksjon, fremjar statsforvaltaren motsegn mot VHS01 slik planen no ligg før.</p>	<p>Kommunen vil vurdere avgrensing av området, og ber om mekling</p>
	<p><u>BA01 Kjøde</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - den nye arealbruken vil få negative verknader for jordvern, landskap og naturmiljø. - det vil ha stor samfunnsnytte å kunne etablere eit ressurslager for massar for framtidig bruk ved tunnelmunningen, og statsforvaltaren går ikkje i mot at det blir planlagt eit massedeponi og tilhøyrande kaiområde ved sjøen her. - Det er stilt krav om detaljreguleringsplan, og det vert føresett at omsynet til m.a. landskap, jordvern (m.a. ivaretaking av jordmassar til anna bruk), CO2- 	<p>Det vart gjennomført ei ekstra høyring for tre område i Kjøde:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kai- og næringsområde ved deponiområdet i Kjøde. (BA01) - Utviding av kaiområde/næringsområdet ved Hovden senior AS (BA02) - Areal til småbåthamn ved naustrekkje i regulert bustadfelt (VS01)

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
	lagring, vassdragskvalitetar (m.a. avbøtande tiltak) og strandsone vert nærare vurdert og så langt som mogleg teke omsyn til i reguleringsplanen.	- Vi har gjort nye utgreiingar på klimaeffekt og verknadar for naturmangfald for (BA01)
	BA05 Skorge - fremjar motsegn med krav om å ta BA05 ut av planen. - Peikar på nærleik til BA01, og manglande konkretisering av kva næringsføremål som er tenkt	I tidlegare fråsegn melde Statsforvaltaren at det var klart i strid med SPR for strandsoneforvaltning å fylle ut i sjøen i ei urørt fjøresone som dette for å byggje fritidsbustader (rorbuer), sjølv om det er tenkt som del av turistretta næringsverksemd.. Utleiehytter på fylling i sjøen kan ikkje sjåast på som berekraftig bruk og forvaltning av strandsona. Etter denne tilbakemeldinga vart arealbruken endra til utfyllingsområde for kombinerte føremål landbruk, næring og naust, med krav om detaljreguleringsplan der faresone skred vert vurdert. Kommunen har ikkje motteke negative fråsegner til dette arealet, og ber om mekling for dette området.
	BN27 og VHS25 Bådane/Reset - Ei større utfylling med kailinje vil gje redusert landskapsverdi og negativ endring av landskapsopplevinga, naturmangfald, marine ressursar og friluftsliv - i motstrid med statlege interesser, fremjer motsegn om dette vert teke inn i planen	Merknaden vert teken til følge og BN27 og VHS25 vert teken ut frå planen.
	BN-21 Lesto-Eide - Viser til konsekvensutgreiinga av 07.12.21 - rår på bakgrunn av ovanståande sterkt frå å gå vidare med dette alternativet for offentleg næringsområde, og rår kommunen til å ta BN21 ut av planen. - Dersom kommunen likevel går inn for å legge til rette for næringsområde i BN21, legg statsforvaltaren til grunn at det i arbeidet med reguleringsplanen vert lagt stor vekt på omsyn til m.a. landskap, naturverdiar, sikre tilstrekkeleg vassgjennomstrøying, samfunnstryggleik og god landskaps- og naturtilpassa rassikring ved endeleg avgrensing på utfyllinga for næringsområdet	Det vert vist til eiga sak som utgreier næringsområde i Moldefjorden Det er administrasjonen si klare tilråding av prosjektet i Lesto bør avsluttast og at området BN21 i Lesto bør takast ut av kommunedelplan for sjøområda. Forstudien viser at prosjektet kan gjennomførast, men ikkje kan tilrådest på grunn av prosjektets risiko og kravet til grunnlagsinvesteringar i infrastruktur.
	BN22, VHS21 - Ikkje merknader	
	BFT21 Berstad (tidlegare BA21) - fremjar motsegn mot område BFT 21, slik området no er avgrensa.	Tek dette til etterretning, ny avgrensing vert lagt inn i planen.

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
	<ul style="list-style-type: none"> - Det er eit krav at avgrensinga i all hovudsak ikkje går ut over avgrensinga for utfylling i gjeldande plan. - går ikkje i mot at det kan planleggast for turistretta næring ved Berstad, med utleigehytter godt tilbaketrekt frå sjøen og vassdraget, og med ei tilhøyrande mindre småbåthamn for å dekkje behovet for utleigehyttene. - føreset då at tiltaka kan plasserast og byggast utan å gje vesentlege negative verknader for landskaps- og naturverdiane. Det er viktig at utfyllingane i sjøen og i strandkanten vert vesentleg reduserte. Heile elvevifta må takast vare på som framtidig naturområde. - Ein eventuell tilkomstveg mellom utbyggingsområdet i vest til ei eventuell småbåthamn i aust må leggast innom eksisterande mur langs stranda. 	
	<p>BA22 Lesto – landbruk, næring og naust</p> <ul style="list-style-type: none"> - fremjar motsegn med krav om å ta BA22 ut av planen - stiller spørsmål ved behovet for byggeområde for naust, sidan det i tilgrensande område mot vest alt er regulert eit område for småbåthamn og naust. Eit eventuelt nytt naustområde bør i så fall avgrensast til eit lite område heilt mot vest, i tilknytning til den alt planlagde utbygginga. 	<p>I tidlegare fråsegn melde Statsforvaltaren at utleigehytter på fylling i sjøen ikkje kan sjåast på som berekraftig bruk og forvaltning av strandsona, og i strid med viktige statlege interesser. Reiselivsplanlegg som hamner og båtplassar kunne derimot vere aktuelt.</p> <p>Etter denne tilbakemeldinga vart arealbruken endra til utfyllingsområde for kombinerte føremål landbruk, næring og naust, med krav om detaljreguleringsplan der faresone skred vert vurdert.</p> <p>Kommunen har ikkje motteke negative fråsegner til dette arealet, og ber om mekling for dette området.</p>
	<p>BFT23, VHS23 Salt</p> <ul style="list-style-type: none"> - store inngrep og tiltak i eit strandområde og landskapsområde med store kvalitetar - negative verknader også for jordvern, naturmangfald, marine ressursar, nærmiljø og friluftsliv <p>I strid med statlege interesser, fremjer motsegn om dette vert teke inn i planen</p>	<p>Merknaden vert teken til følge, og BFT23 og VHS23 vert teke ut frå planen.</p>
	<p><u>BFT24, VS24 Skottneset</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Det bør ikkje opnast for bygging av hytter heilt ved sjøen i den delen av området som frå før knapt er prega av inngrep (nordvest). Flytte formålsgrense 	<p>Tiltakshavar ynskjer å kunne setje opp ei par domar eller kontainerhytter/ minihus i strandkanten i dette området, og kommunen vurderer at dette er noko dei må dei få høve til å gjere gjennom plan. Føremålsgrensa må difor gå i strandsona. Arealet er</p>

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
	<p>- vurdere om delar av strandarealet inst i vika søraust i området kan vere av allmenn interesse og bør skjermast mot nedbygging og inngrep</p>	<p>knytt til eit allereie utbygd hytteområde med private hytter i sør og utleiehyttene på feriesenteret i nord og aust.</p> <p>Heile arealet var i førre kommuneplan for Selje kommune sett av til hytteområde, og var ved ein feil ikkje teke med vidare i gjeldande arealdel for Selje. Vi vurderer det difor slik at dette område må få tilbake sin status som byggeområde for fritid og turisme.</p> <p>Vi vurderer stranda som mest i bruk av dei som besøker Skottneset feriesenter. Føremålet er å legge betre til rette for bruken av stranda til rekreasjon og fritid, noko som òg vil kome ålmenta til gode.</p> <p>Kommunen vurderer at heile arealet ligg i eit spreiddbygd område, der ålmenta har stor tilgang til strandsona.</p>
	<p><u>VA47 Ervikskorane</u> Etablering av anlegg på lokaliteten kjem i strid med viktige statlege interesser, og statsforvaltaren legg til grunn at desse områda vert tekne ut av planen - fremjar motsegn om dette vert teke inn i planen</p>	<p>Merknaden vert teken til følgje og VA47 Ervikskorane vert teken ut frå planen.</p>
	<p><u>VA53 Torvneset</u> Med atterhald om at det berre vert opna for skjel og vasslevande planter i VA 53, fremjar statsforvaltaren ikkje motsegn. I motsett fall, dersom planen opnar for fleire artsgrupper, fremjar dei motsegn mot VA53, på bakgrunn av kjent kunnskap om naturmangfald, jf. fråsegna til 2. gongs høyring.</p>	<p>Kommunen endrar artsgruppene til å gjelde berre for skjel og vasslevande planter.</p>
	<p><u>VA 55 Breivika</u> Etablering av anlegg på lokaliteten kjem i strid med viktige statlege interesser, og statsforvaltaren legg til grunn at området vert teke ut av planen fremjar motsegn om dette vert teke inn i planen</p>	<p>Merknaden vert teken til følgje og VA55 Breivika vert teken ut frå planen.</p>
	<p><u>VK41, BN41, VS41Kalvneset</u></p>	<p>VS41 – her er arealet redusert</p>

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
	<ul style="list-style-type: none"> - stiller spørsmål ved behovet for småbåthamn (VS41) på nordsida av neset. rår til å ta småbåthamna ut eller å redusere området vesentleg. - Næringsareal på fylling trekt heilt ut på enden av neset vil gje store negative landskapsverknader, rår til å flytte grensa lenger inn. - VK41, kombinert føremål akvakultur og hamneområde i sjø. Legg til grunn at alle aktuelle arealbruksinteresser i området vert utgreidd og avklart gjennom reguleringsplanprosessen med KU, og at det vert teke omsyn til nasjonale og viktige regionale interesser i området. 	<p>VK41 Kommunen vurderer utviding av eksisterande næringsareal som mindre konfliktfylt enn å ta urørte areal til næring. Det er sendt ut varsel om oppstart av detaljregulering for området og kommunen ynskjer å oppretthalde denne utstrekninga.</p> <p>Detaljreguleringsplanen set krav til konsekvensutgreiing og vi legg til grunn alle aktuelle arealbruksinteresser i området vert utgreidd og avklart her, og at det gjennom denne planprosessen vert teke omsyn til nasjonale og viktige regionale interesser i området.</p>
	<p>Andre akvakulturområde (utanom Kalneset, Ervikskorane, Torvneset og Breivika)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Konsekvensutgreiingane svarar ikkje fullt ut dei overordna vurderingane som må på plass for å kunne ta stilling til kvart av områda • desse er mykje avhengig av dei overordna vurderingane som skal gjerast og av korleis føresegnene set rammer for sikre naturmangfald og andre interesser i fjordsystemet. • Det er kjent at tilstanden for naturmangfald i fjorden er kritisk og at nasjonale miljøstandardar er overskridne. Tilstanden må klargjerast i planen og leggst til grunn for rammene for korleis naturmangfald skal sikrast. Nye tiltak kan ikkje skje dersom aktiviteten kan føre til forverring av miljøtilstanden. 	<p>Viser til tilleggsutgreiing og føresegner som tek omsyn til miljøtilstanden i fjordsystemet.</p>
Statens Vegvesen	<p>Fråsegn 2. høyring Ber kommunen syte for at det forankrast i føresegner at handbok N100 gjeld for all offentleg veg og at fråvik frå denne skal vere godkjend av vegeigar før detaljplanar leggst ut på høyring.</p>	<p>Dette vert lagt inn i pkt 1.5.1: <i>Handbok N100 gjeld for all offentleg veg, fråvik frå denne skal vere godkjent av vegeigar før detaljreguleringsplanar vert lagt ut på høyring.</i></p>
Bergen sjøfartsmuseum	<p>Fråsegn 1. høyring</p>	<p>Krav til undersøkingar jf. Kulturminnelovens § 9 er lagt inn i føresegnene.</p>
Kystverket	<p>Fråsegn 3. høyring Kystverket har vurdert endringane i avgrensa høyring, og finn at planlagde utfyllingar i sjø ikkje kjem i konflikt med omsynet til god framkomme, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet. Kystverket trekker også alle motsegner knytt til akvakulturområda</p> <p>Fråsegn 2. høyring</p>	<p>Kart og føresegner er justert i samsvar med Kystverket sine tilbakemeldingar</p>

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
	<p><u>Motsegn til VA45 Midthjell og VA47 Ervikskorane</u> Arealet må justerast ut av kvit sektor <u>VA50 Løkjanaset og VA51 Fjøsvik</u> VA50 kjem i konflikt med kvit sektor. VA51 må justerast ut av kvit sektor. <u>Motsegn til VA52 Hamneset-Torheimsneset, VA53 Torvneset, og VA55 Breivika</u> Arealet må justerast ut av kvit sektor</p> <p>Fråsegn 1. høyring <u>Motsegner</u> VA21: Akvakulturområdet kjem i konflikt med farleiene «Nord om Dragefallet», Sildagapet og innseglinga til Moldefjorden. Området kjem inn i kvit sektor. VA23: Akvakulturområdet kjem i direkte konflikt med farleia «Barmsundet». Farleia i Barmsundet er alternativ lei til Stad skipstunell. VA24: Akvakulturområdet kjem inn i farleia i Røysetfjorden som sørgåande skip nyttar når dei seglar mot Moldefjorden og framtidig Stad skipstunnel. VA25: Akvakulturområdet kjem inn i farleia «Sildefjorden-Røysetfjorden». VA- området på vestsida av Salt: Kjem i konflikt med farleia og navigasjonsinnretningar. VA42, VA44, VA48, VA50: Akvakulturområdet kjem i konflikt med farleia og kvit sektor. VA52,VA53: Akvakulturområdet kjem i konflikt med farleia VA57: Akvakulturområdet kjem i konflikt med farleia VA Storøy/Totland i Nordfjorden. Ligg uheldig til, må justerast i søraust.</p>	
SFE	<p>Fråsegn 3. høyring Ønskjer auka avstand mellom kraftverk og næringsareal. Gjer merksam på utfordringar knytt til vibrasjonar, støy, setningar, overflatevatn, rørgate og drikkevasskjelde</p> <p>Fråsegn 2. høyring</p>	Kommunen har merka seg synspunkta, og vil ta dei med i vurderingane ved vidare planlegging
Vestland fylkeskommune	<p>Fråsegn 3. høyring Det vert fremja to motsegner:</p> <p>1)Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering opprettheld motsegna til utvidinga mot aust av nærings- og tilhøyrande kaiområde på Moldestad (Pelagia). Motsegna er knytt til formelle manglar i høve til kulturminneverdiar og</p>	<p>Stad kommune meiner at det ikkje ligg føre motsegnsheimel jf pbl § 5.5. Kommunen ber difor Statsforvaltaren om mekling knytt til område BN23.</p> <p>VHS24, vert teke ut av planen</p>

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
	<p>har vesentleg negativ verknad på nasjonale kulturminneverdiar og dermed for myndeområde som fylkeskommunen skal ivareta.</p> <p>2)Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering reiser motsegn til mangelfull konsekvensutgreiing for utvidinga av BN23 og VHS24 mot aust. Dei automatisk freda kulturminna og konsekvensane som tiltaka vil ha, er ikkje nemnt i KU.</p> <p>Andre merknader: Det vert gjort merksam på automatisk freda kulturminne i Lestovika. Ved planarbeid vil bli sett krav om utgravingar i fall det blir planlagt tiltak på land eller i sjø som vil ha negative konsekvensar for kulturminna.</p> <p>I området ved Eide, Kjøde og i tilknytning til Flatraket, er det naustmiljø som vert råka av tiltaka.</p> <p>Fråsegn 2. høyring Fråsegn 1. høyring</p>	
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	<p>Fråsegn 2. høyring Ingen merknader</p>	
Møre og Romsdal fylkeskommune	<p>Fråsegn 2. høyring Ingen særskilde merknader, men ber om at planen vert samordna med den interkommunale planen for sjøareal for Søre Sunnmøre</p>	
Fiskeridirektoratet region vest	<p>Fråsegn 1. høyring</p>	<p>Mange av areala som er peika på her er teke ut av planen. Kommunen har takka ja til å vere med i arbeidet med områdevurdering Nordfjord. Her er vi med i arbeidsgruppe plan, der målet er å legge fram eit samla planverk for akvakulturareala i fjordsystemet.</p>
Mattilsynet	<p>Fråsegn 2. høyring Kalvneset VK41, BN41, VS41 og Midthjell VA45: fiskehelsesituasjonen i Nordfjord er slik at den ikkje gjev grunnlag til å tildele meir lokalitetsbiomasse med tradisjonell merdteknologi pr. dato, men dette kan endre seg ved neste produksjonsområdevurdering Forslag til ny arealbruk – det bør nyttast same terminologi gjennom planen Kommunen må i sin arealplan legge vekt på å finne gode områder som er egna til akvakultur, og der det er fokus på å ha branngater på minst fem km mellom</p>	<p>Planomtala og konsekvensutgreiinga er oppdatert som følgje av innspelet.</p>

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
	<p>grupper av akvakulturanlegg. Det må heller ikkje avsetjast akvakulturområder som aukar kontakten mellom produksjonsområda. Det at kommunen sett av eit område for akvakultur vil ikkje sei at produksjonen i eit område automatisk vert auka. Produksjonen vert styrt gjennom andre system som tildeling av konsesjonar og saksbehandling av etableringssøknader.</p> <p>Fråsegn 1. høyring</p>	
Opplysningsvesenets fond	<p>Fråsegn 1. høyring Har ingen konkrete merknader til framlegget</p>	
NVE	<p>Fråsegn 3. høyring For område Kjøde BA01 gjer dei merksam på at utbyggingsarealet kan vere i konflikt med både eksisterande kraftverk, transformatorstasjon og kraftleidningar. I konsekvensutgreiinga er det ikkje vurdert korleis planlagt arealbruk skal ta tilstrekkeleg omsyn til desse anlegga. Nokre av anlegga er ein del av regionalnettet med konsesjon etter energilova. NVE rår sterkt til at det vert regulert omsynssone H740 Bandlegging etter anna lovverk med tilhøyrande føresegner for området, som vil synleggjere og sikre at det må takast tilstrekkeleg omsyn til anlegga i vidare detaljplanlegging.</p> <p>Fråsegn 2. høyring - gjer merksam på at aktsemdskarta for skred i hovudsak er utarbeidd for bruk på land, og med det som bakgrunn ikkje vurderer kor langt ut i sjøen eit eventuelt skred kan få verknad. For anlegg i sjø som ligg i eller nær opp til aktsemdsområde bør det vurderast om eventuelle skred eller sekundærverknaden av skred kan råke anlegget. - Føreset at krav i føresegner § 1.5.2 om vurdering av grunnforholda i området nedanfor marin grense gjeld for alle utbyggingsområde i planframlegget. Ønskjer tilgang til alle rapportar og farekart.</p> <p>Fråsegn 1. høyring</p>	<p>Kommunen vurderer at innspela er tekne omsyn til i planframlegget som no ligg føre, og vil verte vurdert i arbeidet med detaljreguleringsplan.</p> <p>Vurdering knytt til aktsemdsområde for skred for akvakulturanlegg må gjerast i søknadsprosessen etter akvakulturlova.</p>
Biskopen i Bjørgvin	<p>Fråsegn 1. høyring</p>	<p>Akvakulturareal ved Dragsfalla, Salt og nord ved Barmøya er teke ut av planen, mellom anna på grunn av motsegner frå Kystverket og merknadar frå kultur og frå religiøse aktørar.</p>
Gloppen kommune	<p>Fråsegn 1. høyring</p>	<p>Stad kommune er positive til å få på plass felles avklaringar i Nordfjorden og har difor takka ja til å vere med i arbeidsgruppe plan gjennom arbeidet med</p>

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
		områdevurdering Nordfjord. Vi føreset at dei andre kommunane i Nordfjord òg har takka ja til å delta i dette arbeidet.
Bremanger kommune	Fråsegn 2. høyring Ber om at fortøyingar for oppdrettsanlegg i Juvika vert lagt inn i kartet Gjer merksam på konsesjon ved Svartekari Fråsegn 1. høyring	Drøftingar om plansituasjonen i Nordfjorden vert gjort i lag med Bremanger og dei andre kommunane i fjordsystemet i arbeidsgruppe plan, gjennom arbeidet med områdevurdering Nordfjord som vi har takka ja til å delta i.

Generelle innspel

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Open Ocean farming	Fråsegn til 2. høyring <ul style="list-style-type: none"> Ber om at det vert sett av areal for nedsenkbare anlegg, og at arealplanen opnar for at udisponert areal kan nyttast til uttesting av ny teknologi Nordfjord og omegn har svært relevante og gode testforhold som gir høve til fulltesting før løysinga vert installert offshore Nordfjord har unike kompetansearbeidsplasser i den marine verdikjeda. Saman med eit godt miljø for prosjektering og konstruksjon av fartøy og marine installasjonar vil lokal industri vere godt posisjonert til å delta i utvikling og eksport av ferdige løysingar. 	Innspelet er teke til orientering. Vi har lagt til rette for at ny teknologi kan nyttast på areal avsett til akvakultur.
Eide Fjordbruk Nordfjord forsøksstasjon	Fråsegn til 2. høyring – Eide Fjordbruk Fråsegn til 2. høyring – Nordfjord forsøksstasjon <u>Innspel til føresegnene</u> <ul style="list-style-type: none"> Ein må ikkje avgrense meir på art enn det som er lagt ut på 2. gongs høyring. Ein må sikre at sjølve akvakulturområda er fleksible. akvakulturområda i planen er redusert i storleik ved at det er lagt inn ei 100meter sone mot landsida. Ei slik sone gir ein garanti for fri ferdsel på innsida av anlegga. Men slik føresegna her er utforma blir det dobbelt opp, og medfører at sjølve anlegget må ligge minimum 200 meter frå land. Punkt 5.1. d) «<i>Fortøyingar for akvakultur kan tillatast i vass-søyla dersom desse ligger djupare enn kote minus 25 meter og ikkje går inn i ein kategori arealføremål merka natur eller fiske eller i kombinert føremål fiske og ferdsel.</i> 	Innspel til VA 53 Torvneset, VA 45 Midthjellsvika, VA 47 Ervikskorane, VA51 Eidsfjorden , VA55 Breivika og VA57 Åseskjæret, er lagt inn på dei aktuelle områda Her viser vi til nye føresegner, oppdatert etter høyringa.

	<p><i>« Dette gjeld fortøyningar frå akvakulturanlegg i nabokommunane òg.» Dette bør endrast frå «25» til «10».</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Punkt 5.6. fyrste avsnitt: Støttar intensjonen bak denne føresegna. Dersom det er slik at «minimalt til ingen utslepp» vert oppfatta/kan tolkast som lukka produksjon, bør dette formulerast annleis eller takast ut. • Det er ikkje påvist at oppdrett bidreg til overgjødsling av fjordane våre. Men det vil vere positivt om denne ressursen vert utnytta meir målretta. • Nærings- og fiskeridepartementet varsla nyleg ny konsesjonsordning med utdeling av løyver til lukka anlegg. Her vil det bli stilt krav om <u>60 %</u> oppsamling av slam. <p>Fråsegn til 1. høyring – Eide Fjordbruk</p>	
Nordfjord laks	<p>Fråsegn 1. høyring Merknader til oppdrett VA61, VA57, VA56, VA55, VA54 og VA53.</p>	Teke omsyn til i vurdering av dei aktuelle områda
Fleire	<p>Fråsegn til 2. høyring – Aashild Bjørhovde Halnes, Toralf Halnes, Siri Lund, Stein Bjørhovde Fråsegn til 2. høyring – Per Odd Lefdalsnes, Alf Lefdalsnes, Gerd Anne Lefdalsnes, Per Ole Lefdalsnes, Odd Kåre Senneset Fråsegn til 2. høyring – Kjølisdalen Montessoriskule Fråsegn til 2. høyring – Rune Bruvoll og Gunnar Totland Olsen Fråsegn til 2. høyring – Marit Nore Sørhaug Fråsegn til 2. høyring – Elin Nes Fråsegn til 2. høyring – Ørjan Haugland Fråsegn til 2. høyring – Dag Austring Fråsegn til 2. høyring – Dag Austring</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppmoding om å leggje vekt på folkeviljen. Ønskjer ikkje meir oppdrett. • Det er ikkje teke omsyn til bruken av sjøområda til rekreasjon for fastbuande og besøkande • Vi treng levande fjordar og urørt natur, det er ikkje teke miljøomsyn • konflikt mellom Stad kommune si satsing på turisme og reiseliv, og den sterke utnyttinga av fjorden til næringsaktivitet i sjøområda. • Allemannsretten må sikrast. Oppdrett, hindrar lokalbefolkninga son tilgang til fjorden 	<p>Innspel til konkrete område er lagt på dei aktuelle områda</p> <p>Med bakgrunn i fråsegner og faglege utgreiingar er tal oppdrettslokalitetar sterkt redusert gjennom høyringa. Undervegs i prosessen har kommunen også endra artsgrupper for fleire av lokalitetane</p> <p>Det er eit vesentleg moment at arealplanar vert utarbeidd med eit langsiktig perspektiv. Kommunen er klar over at fiskehelsesituasjonen i Nordfjord er slik at den ikkje gjev grunnlag til å tildele meir lokalitetsbiomasse med tradisjonell merdteknologi pr. dato, men dette kan endre seg ved neste produksjonsområdevurdering.</p> <p>Vedkomande miljøkonsekvensane vert det vist til tilleggsutgreiinga om påverknad frå akvakultur i Nordfjorden, og bindande juridiske føresegner til planen.</p> <p>Alle tiltak innafor planområdet må elles følgje dei til ein kvar tid gjeldande krav til vasskvalitet og miljømål jf. Vassforskrifta, og omsyn til villaksen som følgjer av</p>

	<ul style="list-style-type: none"> • Attraktive buområde, spesielt med nærleik til sjø, har vist seg å vere den viktigaste faktoren ved tilbakeflytting og busetting, dette trumfar også jobbmoglegheiter. • meiner at det ikkje skal etablerast meir oppdrett i Nordfjorden før tilstanden i fjorden og konsekvensane av oppdrett er betre kartlagt, ref. pågåande kartlegging i regi av Kartverket, Norges geologiske undersøkelse og Havforskningsinstituttet. Å regulere ytterlegare areal til underformål aquakultur vil vere i strid med regionale og nasjonale mål/oppgåver • Buffersoner bør inn i kartet, og mattilsynet sine krav til minsteavstand mellom anlegg må følgjast opp • Det bør utarbeidast plan for heile Nordfjord • Norsk havbruk er ikkje berekraftig • Kommunen må stadfeste at viktige areal for biologisk mangfald er kvalitetssikra • store utfordringar knytt til ureining frå oppdrett (lakselus, lakselusmiddel, reinsing av merdar, PD-virus) og truga gyteplassar, ureining frå kloakk • Havbruksnæringa må legge vekt på ny teknologi og driftsformer som ikkje skadar miljøet. Det er unødvendig å skape usikkerhet med å opne for fleire oppdrettslokalitetar før ny merdeteknologi er på plass • Ønskjer informasjon om forventa arbeidsplassar og inntekter frå Havbruksfondet <p>Fråsegn til 1. høyring – Per Odd Lefdalsnes, Alf Lefdalsnes, Gerd Anne Lefdalsnes, Per Ole Lefdalsnes, Odd Kåre Senneset</p> <p>Fråsegn 1. høyring – Kjølisdalen Krins utviklingslag</p> <p>Fråsegn 1. høyring – Trekløveret 4H</p> <p>Fråsegn til 1. høyring – Rune Bruvoll og Gunnar Totland Olsen</p> <p>Fråsegn til 1. høyring – Marit Nore Sørhaug</p> <p>Fråsegn til 1. høyring – Elin Nes</p> <p>Fråsegn til 1. høyring – Ørjan Haugland</p> <p>Fråsegn til 1. høyring – Einar Midtbø</p>	<p>kvalitetsnorma for villaks og § 7 i lakse- og innlandsfisklova.</p> <p>Med bakgrunn i at nasjonale miljøstandardar alt er overskridne innafor kommunen sine sjøareal, kan tiltak etter særlovar berre tillatast dersom aktiviteten kan skje utan forverring av miljøtilstand</p>
Dag Austring	<p>Fråsegn 1. høyring</p> <p>Gjeld område Domstein- Høyenes, Hamneset-Yksnelvane, enden av Isefjorden. Gjer merksam på gyteplass for kveite</p>	<p>Innspelet vert teke til orientering, Havforskningsinstituttet er orientert om innspelet</p>

Sogn og fjordane småfiskarlag	<p>Fråsegn til 1. og 2. høyring Gjer greie for kva oppdrettsanlegg dei går imot, og kvifor</p>	<p>Dette er teke omsyn til knytt til dei ulike områda. Vedkomande lukka anlegg viser vi til føresegnene til planen.</p>
Sogn og Fjordane fiskarlag	<p>Fråsegn til 1. høyring Går mot oppdrett ved Dragsfalla og i Nordfjorden Ønskjer fiskerihamn i Lestovika Ber kommunen ta ei aktiv rolle i arbeidet mot utbygging av vindkraft på Stadhavet</p>	<p>Dragsfalla er teke ut av planen, og tal anlegg i Nordfjorden er redusert. Kommunen arbeider vidare med planar for fiskerihamn Planen legg ikkje til rette for havvind</p>
Naturvernorganisasjonar	<p>Fråsegn til 2. høyring – Naturvernforbundet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Positivt at planen vert utarbeidd • Reagerer på at tiltak som er frårådd i KU vert vidareført • Kommunen må førebu seg betre på havnivåstigning, og ta omsyn til friluftsliv om tilgjenge for ålmenta • Støttar den lokale motstanden mot fleire oppdrettsanlegg, og minner om at planlegging må skje etter «føre var»-prinsippet • etterlyser planføringar på kva grad av konflikt med marine økosystemverdiar i prosjektspesifikke KU som vil medføre at lokaliteten ikkje skal nyttast til planføremål akvakultur <p>Konkrete innspel til akvakulturområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tal lokalitetar bør reduserast monaleg • legg til grunn at VA47 Ervikskorane, VA53 Torvneset og VA55 Breivika vert teke ut av planen på bakgrunn av dei er frårådd i KU og lokal motstand. • Ingen artsavgrensing på VA53 er ikkje i samsvar med det konkrete omsøkte tiltaket som er tareoppdrett. Området er ved nasjonal laksefjord. • Mange av lokalitetane vil med ingen føreslått avgrensing på artar vere innanfor avstandsgrenser mellom lokalitetar for laks. Ber om at det vert innført reelle avgrensingar på tilletne artar. • Planføresegnene: <i>«For alle akvakulturføremål og kombinerte akvakulturføremål skal det vere minimalt til ingen utslepp av organiske partiklar til resipienten. For eksisterande anlegg gjeld dette berre ved vesentleg endring av anlegg (PBL § 11-9, nr.6).»</i> Dette bør ytterlegare konkretiserast slik at planen inneber ei klarare binding til at teknologival som faktisk vil sikre «minimalt til ingen utslepp» må nyttast. Ein bør sette inn eige punkt om teknologival som sikrar ingen rømming. Kommunen må følge opp føresegna i samband med einkvar søknad om anlegg for akvakultur. 	<p>Etter 2. høyring vart følgjande endringar gjort:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Næringsareal på Flatraket vart justert slik at ein la opp til ei mindre endring i høve til gjeldande plan (KPA Selje). - Arealet på Berstad vart sterkt redusert og elveosen er teken omsyn til. - Moloen på Leikanger vert med vidare og då det er eit viktig prosjekt for næringslivet i eit lokalt og regionalt perspektiv. - Det vert elles vist til endringar på dei tre områda etter 3. høyring <p>Akvakultur: Med bakgrunn i fråsegner og faglege utgreiingar er tal oppdrettslokalitetar sterkt redusert gjennom høyringa. Undervegs i prosessen har kommunen også endra artsgrupper for fleire av lokalitetane</p> <p>Det er eit vesentleg moment at arealplanar vert utarbeidd med eit langsiktig perspektiv. Kommunen er klar over at fiskehelsesituasjonen i Nordfjord er slik at den ikkje gjev grunnlag til å tildele meir lokalitetsbiomasse med tradisjonell merdteknologi pr. dato, men dette kan endre seg ved neste produksjonsområdevurdering.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> • For lokalitetar for skjel og vasslevande plantar må ein sikre at tiltak mot fugl ikkje kan skade individ og bestandar. Dei fleste sjøfuglane våre har ei kritisk bestandsutvikling og tiltak som tidlegare har vore aktuelle, som felling, er ikkje akseptable i dag • ber kommunen sette avgrensing som utelukkar oppdrett av Regnbogeaure. Dette er ein rovfisk som stammar frå Nord-Amerika og er svartelista i Noreg. • Torskeoppdrett i fjordane våre kan på sikt skade den ville torsken og fjordøkosystemet. Den har skarpe tenner som gjer at det gneg seg lettare ut enn laks. Krav til rømmingsikkerheit må vere strengare enn dagens standard for lakseoppdrett. Vurdering av ulemper og konsekvensar for det marine miljøet er dårleg kartlagt <p>Ber kommunen sikre særleg verdifulle område for biologisk mangfald mot inngrep, som mellom anna intakte elvedelta og strandflater. Føreslåtte tiltak i slike område kan lokalisert alternativt. Ber og om at område med korallar, ålegras mm. Vert ivaretatt i planen.</p> <p>Stad skipstunell er eit nasjonalt prosjekt, og det er ikkje kommunen sitt ansvar å finne bruk av massane. Ber om at det ikkje vert nytta massar internt i kommunen.</p> <p>Stadlandet og Sildegapet har særst viktige økosystem i sona mellom land og ope hav, og er på lista over kulturhistoriske landskap av nasjonal verdi.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er nøgde med at utfylling på Flatraket går ut av planen. • Frårår nedbygging på Berstad (BA21 og VHS23) • Frårår molo på Leikanger <p>Fråsegn 1. høyring – Naturvernforbundet Fråsegn 1. høyring – Sogn og Fjordane turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Natur og ungdom, Forum for natur og friluftsliv Fråsegn 1. høyring – Miljøagentane Kjølsdalen</p>	<p>Vedkomande miljøkonsekvensane vert det vist til tilleggsutgreiinga om påverknad frå akvakultur i Nordfjorden, og bindande juridiske føreseger til planen.</p> <p>Alle tiltak innafor planområdet må elles følgje dei til ein kvar tid gjeldande krav til vasskvalitet og miljømål jf. Vassforskrifta, og omsyn til villaksen som følgjer av kvalitetsnorma for villaks og § 7 i lakse- og innlandsfisklova.</p> <p>Med bakgrunn i at nasjonale miljøstandardar alt er overskridne innafor kommunen sine sjøareal, kan tiltak etter særlovlar berre tillatast dersom aktiviteten kan skje utan forverring av miljøtilstand</p>
Stad SV	<p>Fråsegn 1. høyring</p> <p>Presiserer at miljø-, klima og naturvernomsyn må kome i første rekke.</p> <p>Allemannsretten er sentral, ta vare på dei gamle fiskerettane</p> <p>Kritisk til ankerplass og betongbrygge ved Nabben</p> <p>Må sikre skjerming av næringsareal på Kalneset</p>	Momenta er i stor grad teke omsyn til ved seinare endringar i planframlegget
Norsk ornitologisk foreining avd. Sogn og Fjordane	<p>Fråsegn 1. høyring</p> <p>Kritisk til utfylling av grunne område</p>	Tal utfyllingsområde er redusert. Viser til tilleggsutgreiing med arealrekneskap

	<p>Feil å legge til rette for meir oppdrett før ein finn trygge løysingar for fugl og anna dyreliv</p> <p>Viser også til vassdirektivet og berekraftsmåla</p>	<p>Vi viser også til tilleggsutgreiinga om påverknad frå akvakultur i Nordfjorden, og nye føresegner til planen.</p>
<p>Norske lakseelver. Norges Jeger- og fiskeforbund NJFF Sogn og Fjordane Hjalma elveeigarlag Eid elvelag Olden elveeigarlag Stryn elveeigarlag</p>	<p>Fråsegn til 1. høyring</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ber om klare krav til utslepp av lakselus, andre patogen og legemiddelrestar frå oppdrett 	<p>Vi viser til tilleggsutgreiinga om påverknad frå akvakultur i Nordfjorden, og nye føresegner til planen.</p>
<p>Torstein Gjerde, Irvin Yri, Endre Hjelle, Inge Arthur Refsnes</p>	<p>Fråsegn 1. høyring</p> <p>Ønskjer ikkje nye oppdrettslokalitetar i Eidsfjorden</p>	<p>Vi viser til tilleggsutgreiinga om påverknad frå akvakultur i Nordfjorden, og nye føresegner til planen.</p>
<p>Stad Senterparti</p>	<p>Fråsegn 2. høyring</p> <ul style="list-style-type: none"> - meiner det er viktig å hindre dumping i fjorden. Dette er både med omsyn til livet i fjorden, samfunnsnytte og med omsyn til å utnytte tunnelmasse for å utløyse positive synergjar. - viktig å legge til rette for satsing på gjestehamner og infrastruktur nord og sør for Stadt skipstunnel slik at båtturistane stoppar og utforskar Stad kommune 	<p>Følgd opp i planframlegget.</p>
<p>Stad Arbeidarparti</p>	<p>Fråsegn til 2. høyring</p> <p>miljøtilstand og fiskehelse i 2020 på strekninga Nord-Hordaland – Stad kommune, skal leggst til grunn for tildeling av oppdrettslokasjonar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det skal ikkje leggst store og inngripande oppdrettsanlegg til sjenanse for bygdesamfunn. Bulyst må vektast til liks med miljø- og fiskehelseomsyn - Gyteområde til eksisterande fiskeartar må sikrast/takast omsyn til ved utplassering av nye oppdrettsanlegg - Nye anlegg må vere RAS-anlegg – lukka anlegg på land eller i sjø 	<p>Vi viser til tilleggsutgreiinga om påverknad frå akvakultur i Nordfjorden, og nye føresegner til planen.</p>
<p>Stad fjordvarme AS</p>	<p>Fråsegn til 1. høyring</p> <p>Innspelet gjeld tilrettelegging for fjordvarme</p>	<p>Innspelet vert teke til etterretning.</p>
<p>Knut Djupedal</p>	<p>Fråsegn til 1. høyring</p> <p>Stiller spørsmål ved privatisering av sjøområde og fiskeressursar</p> <p>Oppliser om kulturminne på havbotnen</p>	<p>Vi viser til tilleggsutgreiinga om påverknad frå akvakultur i Nordfjorden, og nye føresegner til planen.</p> <p>Kulturminnemyndighetene kvalitetssikrar kulturminner</p>
<p>Selje regionale pilegrimssenter</p>	<p>Fråsegn til 1. høyring</p> <p>Det frie utsynet frå Selja må takast vare på, her bør ikkje ligge oppdrettsanlegg</p>	<p>Akvakulturareala i Sildagapet og mellom Selja og Barmøy er tekne ut av planframlegget, utanom eit areal for skjel og vasslevande plantar ved Loksvika vest for Barmøy.</p>

	Ber om at det blir lagt omsynssone kultur- og naturmiljø i området kring Selje og ut Sildagapet slik det er avmerka i område A i Landskapskartlegginga av kysten i Sogn og Fjordane	Det er sett av omsynssone kulturmiljø rundt Selja, jf. Føresegn 6.2.4. Kulturmiljø.
Vener av Selja kloster	Fråsegn til 1. høyring Støttar framlegg om marin verneplan, viktig å unngå visuell ureining av område kring Selja.	Innspelet er teke omsyn til
Arnbjørn Bruland	Fråsegn 1. høyring Innspelet til bruk av tunnelmassar	Innspelet er teke omsyn til
Selje næringsforening	Fråsegn 1. høyring (fleire vedlegg) <ul style="list-style-type: none"> - Planen bør være framtidrette, visjonær og sette fokus på nasjonale og internasjonale berekraftsmål. - bruk av ny teknikk og nye produksjonsformer innan «blå» næringer bør prioriterast. - Planforslaget har lite fokus på framtidretta og berekraftig oppdrett på land med dei miljøforedelar slik driftsform har. Planforslaget, slik det føreligg i dag, vil gje svært få nye arbeidsplassar i Seljeområdet, særleg innan strategiske uttala næringer. Ambisjonsnivået her må gjærast synleg. - Pkt 3.5 Bådane/Reset må inn i planen - Pkt 3.7 Ersholmen Sør/Nabben må inn i planen 	Innspelet er vurdert og teke omsyn til. Bådane/Reset vart teke inn i planen ved andre høyring, men er ikkje med i det endelege planframlegget. Dette skuldast Statsforvaltaren si tilbakemelding om at utbygginga vil vere i strid med statlege interesser. Det har også kome fram sterk lokal motstand mot planane. Utvikling kring Nabben vert vurdert i detaljreguleringsplan for Selje
Selje hotell invest AS	Fråsegn 1. høyring Legg vekt på berekraftig utvikling av reiseliv og lokalsamfunn	Innspelet er teke omsyn til
Eltvik velforening	Fråsegn 1. høyring Støttar forslag om marint verneområde på ytre Stadlandet. Ønskjer ikkje taretråling	Dette vert tema i marin verneplan som er i arbeid Les meir her
Ervik jakt- og fiskelag	Fråsegn 1. høyring Ønskjer ikkje taretråling	Dette vert tema i marin verneplan som er i arbeid Les meir her
Stad Landskap	Fråsegn 1. høyring Ønskjer ikkje taretråling Ønskjer ikkje fast etablering av havvindanlegg	Planen legg ikkje til rette for havvind Taretråling vert tema i marin verneplan. Les meir her
Dieter Schurer	Fråsegn 1. høyring Omhandlar: <ul style="list-style-type: none"> - Salt, formål molo/småbåthamn/ventekai - Salt, akvakulturområde - Rundereimstranda/Barmsundet, utvida akvakultur - Flatholmen nord, Sildagapet – akvakulturanlegg 	Innspelet er teke omsyn til

Dag Henning Reksnes	Fråsegn 1. høyring Fråsegn 1. høyring Gjer merksam på lakserettar, og ber om at desse vert registrert.	Innarbeidd i kartet
	Fråsegn 1. høyring – Børje Heikkinen - Fråsegna gjeld sjøarealplanen generelt, med spesielle merknader knytt til område frå Åsneset til Totlandsholmane	Innspelet er teke omsyn til
Helge Totland	Fråsegn 1. høyring Ønskjer at det skal vere mogleg å bygge innanfor 100 m belte på hans eigedom	Private initiativ som ikkje handlar om næring vil ein i staden vurdere i samband med utarbeiding av ny arealdel. Området ligg utanfor plangrensa.
Rune Taklo	Fråsegn 1. høyring Ber om at laksevarp på Lund vert kartfesta	Innarbeidd i kartet
Nordfjordbrua	Fråsegn 1. høyring Trase for Nordfjordbrua vert endra, det må utarbeidast ny kommunedelplan for denne	Teke til orientering
Joakim Haus Brekke	Fråsegn 1. høyring Ønskjer å legge til rette for småbåtanlegg på Haus	Private initiativ som ikkje handlar om næring vil ein i staden vurdere i samband med utarbeiding av ny arealdel
Skottneset feriesenter	Fråsegn 1. høyring Innspelet gjeld utvikling av feriesenteret	Innspelet er teke omsyn til
Stadsurfing AS	Fråsegn 1. høyring Ønskjer å etablere kunstig rev	Innspelet har ikkje vore vurdert i konsekvensutgreiinga på bakgrunn stor konflikt med fleire viktige omsyn som automatisk freda kulturminne, føremålet med Stad marine verneområde og marine ressursar og naturmangfald. I tillegg er avstanden for gratis frakt av masse frå skipstunnelen for lang.
Terje Hoddevik	Fråsegn 1. høyring Rår frå å etablere kunstig rev	Teke til orientering
Ola Austring	Fråsegn 2. høyring Uroa over konsekvensar vedkomande utdjuving av Saltasundet. Foreslår molo ut frå Klubbeholmen som kompenserande tiltak. Ønskjer at problemstillinga vert teke opp med Kystverket	Innspelet har ikkje vore vurdert i konsekvensutgreiinga på bakgrunn stor konflikt med fleire viktige omsyn som automatisk freda kulturminne, føremålet med Stad marine verneområde og marine ressursar og naturmangfald.
Firkort og Borgundvåg Brygge AS	Fråsegn 1. høyring Ønskjer å utvikle hamna i Borgundvåg	Innspelet er i tråd med detaljreguleringsplan
Bjørn Inge Berge	Fråsegn til 2. høyring Framlegg til utvikling av Bergshavna	Innspelet kom inn til planarbeidet etter frist og er ikkje vurdert.

Hans Steinar Salt	Fråsegn 1. høyring Ønskjer utviding av hamneområde i Øygardsvika, gbnr 272/31	Private initiativ som ikkje handlar om næring vil ein i staden vurdere i samband med utarbeiding av ny arealdel
Kaare Asbjørn Aardal	Fråsegn 2. høyring Aardal foreslår bygging av molo frå Saltasundet mot småbåthamna. Tilkomst frå kommunelageret med bru til moloen. Kort avstand til tunnelen, og godt utgangspunkt for turisme og hamneaktivitetar. Kort transport av massar	Konsekvensutgreiing på tiltak i nærliggande område viser at tiltak ikkje er ønskeleg, og framlegget er difor ikkje realitetshandsama

Innspel sortert på område

VA01 Apalset og VA11 Stokkenes

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Unni og Reidar Sandviknes, Peter-John de Villiers og Sunniva Djupedal	Fråsegn 1. høyring Ønsker ikkje akvakultur på VA01 Apalset og grunngjev dette med bruken av sjøområda til fiske for lokalbefolkninga, naturmangfaldet i området, negativ effekt for nabolaget, samt at avstanden til andre anlegg i Vanylvsfjorden gjev større total påverknad med omsyn til støy og ureining. Dei viser òg til minefelt frå 2. verdskrig i nærleiken av arealet, og stiller spørsmål ved om dette arealet eignar seg for akvakultur då det har vore eit akvakulturanlegg her tidlegare som vart flytta mogleg på grunn av at arealet ikkje var eigna til akvakultur	Kommunen har forståing for at ein ikkje ønsker akvakultur i nærleiken av bustadområdet, men omsynet til næringa er vurdert som viktigare. Her har lokale aktørar gått inn i eit nytt samarbeid der dei har heile verdikjeda frå produksjon av fisk til sal av ferdige fiskeprodukt. Akvakulturarealet er tilrådd i konsekvensutgreiinga. For å ta best mogleg omsyn til dei som bur nærast akvakulturareal, har vi sett krav til miljø og utstrekning av akvakulturanlegg gjennom føresegnene til planen. Informasjon om mogleg minefelt er sendt vidare til aktørane som ønsker akvakulturareal her.
Statt torsk Ervik Havfiske	Fråsegn til 1. høyring Fråsegn 1. høyring Ønsker at arealet VA01 Apalset må utvidast noko mot nord, aust og sør. Dei ønsker òg at arealet på VA11 Stokkenes vert trekt noko lenger ut mot aust grunna djupnetilhøva.	Begge innspela er teke inn i nytt planforslag.
Kystverket	Ber oss sjå til at anleggsarealet på VA01 Apalset ikkje kjem ut i farlei-arealet i Vanylvsfjorden.	Innspelet er følgt opp.

VA21 Dragsfalla

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Fleire	Fråsegn 1. høyring – Drage hamnelag Fråsegn 1. høyring – Ola Austring Fråsegn 1. høyring – Ola Austring Fråsegn 1. høyring – Geir Ove Jørgensen Fråsegn 1. høyring – Sogn og Fjordane fiskarlag	Innkomne merknader og motsegn frå Kystverket er teke omsyn til, lokaliteten er teke ut av planen.
	<p>viser til at det er svært viktige fiskeområder i dette arealet.</p> <p>Vestland fylkeskommune, biskopen i Bjørgvin, aktørar i reiselivsnæringa, Selje regionale pilegrimssenter, Stad landskap syner til at plasseringa av eit oppdrettsanlegg i dette landskapet, særleg knytt til landskapsverknaden frå Selja kloster, vil vere veldig uheldig og ber om at området blir tatt ut av plan.</p> <p>Fiskeridirektoratet rår frå akvakulturføremål her med bakgrunn i marint biologisk mangfald og viktige fiskeområder</p> <p>Kystverket varslar motsegn på grunn av at arealet vil kome i konflikt med farlei og kvit sektor</p> <p>Mowi har etter dialog med fiskarlag valt å trekke forslaget om akvakulturareal her.</p>	Innkomne merknader og motsegn frå Kystverket er teke omsyn til, lokaliteten er teke ut av planen.

VA22 Salt

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Fleire	Fråsegn 1. høyring – Venke Toril Moldestad Fråsegn 1. høyring – Øyvind Bjørkavåg, Jorunn Grøvlen Fråsegn 1. høyring – Underskriftsliste	Innkomne merknader, motsegn frå Kystverket og varsel om motsegn frå Statsforvaltaren er teke omsyn til, lokaliteten er teke ut av planen.
	<p><u>Underskriftsliste og merknadar frå fritidsbuande, buande og grunneigarar på Salt og Moldestad som ikkje ønsker oppdrett her og viser til at dette er eit svært viktig fiske-, friluft- og rekreasjonsområde for både tilreisande og fastbuande.</u></p> <p>Her er eit område på Salt av høg geologisk verdi. Det er vêrhardt her og urørt natur. Dyre og fugleliv vert òg vektlagd. Sjøkabel som går i land i Tarevika?</p>	

	<p>Sogn og Fjordane småfiskarlag går i mot på bakgrunn i bruken av sjøareala til fiske- og rekreasjonsområde, og viser til at Fiskeridirektoratet i 2020 har registrert 13 turistfiskeverksemdar i området Flatraket, Rundereim, Nordpollen, Selje, Barmen og Vestkapp. Dei viser også til nærleiken til Selja kloster og helgenanlegg, noko også biskopen i Bjørgvin, <u>Vestland fylkeskommune</u>, og <u>venner av Selja kloster</u> peikar på som negativt ved å ha eit oppdrettsanlegg her. <u>Kystverket</u> varslar motsegn på grunn av at arealet vil kome i konflikt med farlei inn Moldefjorden. Forstyrar navigasjonsretteleinga. (Smalt, kursendring) Forventa ei auke i skipstrafikk ved etablering av Stad skipstunnel. <u>Statsforvaltaren</u> varslar at arealformålet er i strid med statlege interesser</p>	
Robert Inge Svoren	<p>Fråsegn 1. høyring Ønskjer at det skal vere mogleg å drive næringsutvikling i området, td tareoppdrett</p>	Kommunen har forståing for fråsegna, men omsynet til andre interesser gjer at lokaliteten er teke ut av planen

VA23 Barmsund, VA24 Røyset, VA25 Loksvika

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Fleire	<p>Fråsegn 1. høyring – Barmøy bygdalag og Barmøy grunneigarlag Fråsegn 1. høyring – Sivert Barmen Solvåg Fråsegn 1. høyring – Skottneset feriesenter Fråsegn 1. og 2. høyring - Sogn og Fjordane småfiskarlag</p> <p><u>Grunneigar, grunneigar- og bygdelag på Barmøy og Skottneset feriesenter</u>, peikar på bruken av område til rekreasjon som fiske, fangst og friluftsliv, landskapsverknad og turisme, og uttrykker uro for at turistar må gå endå lenger ut i havet for å fiske, noko som går utover sikkerheita. (Hovudsakleg VA24 Røyset VA25 Loksvika).</p> <p><u>Sogn og Fjordane småfiskarlag</u> går i mot alle tre på bakgrunn i bruken av sjøareala til fiske- og rekreasjonsområde, og viser til at Fiskeridirektoratet i 2020 har registrert 13 turistfiskeverksemdar i området Flatraket, Rundereim, Nordpollen, Selje, Barmen og Vestkapp. Dei viser også til nærleiken til Selja kloster og helgenanlegg som uheldig.</p> <p><u>Biskopen i Bjørgvin</u>, <u>aktørar i reiselivsnæringa</u>, <u>Selje regionale pilegrimssenter</u>, syner til at plasseringa av oppdrettsanlegg i landskapet og særleg knytt til landskapsverknaden frå Selja kloster vil vere veldig uheldig. (VA24 Røyset VA25 Loksvika).</p>	<p>Innkome merknader og motsegn frå Kystverket og er teke omsyn til, Barmsund og Røyset er teke ut av planen. Loksvika vert vidareført, med justering etter dialog med Kystverket .</p> <p>Loksvika vert vidareført, men med krav til art – skjell og vasslevande plantar.</p>

	<p>Vestland fylkeskommune er sterkt kritiske og viser til at her er område med automatisk freda kulturminne på land. Belastninga på landskap med kulturminne blir for omfattande i dette området og at alle 3 areala må takast ut av planen. Dei viser til at Barmøya er vurdert som eit viktig friluftslivsområde i Stad kommune sin kartlegging av friluftsområde, og at akvakultur kan påverke landskapsopplevinga og moglegheitene til å ferdast fritt rundt øya med t.d. kajakk.</p> <p>Fiskeridirektoratet rår frå VA24 Røyset og VA25 Loksvika med bakgrunn i marint biologisk mangfald og viktige fiskeområder.</p> <p>Kystverket varslar motsegn på grunn av at arealet VA23 Barmsund vil kome i konflikt med farleia i Barmsundet, som blir ei viktig alternativ lei til Stad skipstunnel. Forventa ei auke i skipstrafikk ved etablering av Stad skipstunnel. Varslar motsegn på grunn av at arealet VA24 Røyset og VA 25 Loksvika vil kome i konflikt med fleire farleier. VA24 Røyset kjem i konflikt med kvit sektor for Salt lykt.</p> <p>Etter dialogmøte med Kystverket kan dei akseptere VA25 Loksvika med innskrenka areal.</p>	
--	--	--

VA33 Vetrhusstranda

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Reidar Nordpoll Sogn og Fjordane småfiskarlag	<p>Fråsegn 1. høyring - Reidar Nordpoll Fråsegn 2. høyring - Sogn og Fjordane småfiskarlag</p> <p>ber om at ein avgrensar på art på akvakulturarealet, og peikar på at tidlegare oppdrett av laks og torsk (matfisk) her har synt at arealet ikkje er eigna til denne type produksjon. Nordpollen er ein terskelfjord og det er lite vassgjennomstrøyming. Produksjon av matfisk vil gje negative følger for fiske og friluftsliv. Fortøyingane vil å hindre bruken av fjorden til fiske. Her er eit rekefelt.</p>	<p>Formålet med opning for fleire artar er å kunne drive forskning og testing av nye produksjonsformer. Området er ikkje stort nok til å drive kommersiell produksjon.</p> <p>Kommunen vurderer formålet som viktig for framtidig utvikling av havbruksnæringa.</p>
Ethos invest	som dyrkar tare her i dag, ønsker at det skal vere opning for å kunne produsere ulike artar på arealet, slikt at ein har høve til å drive forskning og testing av nye produksjonsformer her.	

VA42 Krokepollen VA43 Storøya

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Fleire	<p> Fråsegn 1. høyring – Ingebjørg Isane Fure Fråsegn 1. høyring – Hei og Hå 4H Fråsegn 1. høyring – Gunnar T. Olsen Fråsegn 1. høyring – Per Johan Gjesdal Fråsegn 1. høyring – Jan M. Heggedal Fråsegn 1. høyring – Underskriftsliste Fråsegn 1. høyring – Norsk kystleir Fråsegn 1. høyring – Kystlaget Hornelen Fråsegn 1. høyring – Holmely resort Fråsegn 1. høyring – Fjordly Ungdomssenter Fråsegn. 1. høyring – Fjordly barnehage Fråsegn. 1. høyring – Bryggja utviklingslag </p> <p> Viser til at sjøområda og fjøra er i bruk rekreasjon som fiske, fangst og friluftsliv, dei peikar på born og unge sine interesser som bruker fjøra og fjorden til aktiv læring og fritid, på landskapsverknad, naturverdiar i sjø og i vassdrag og omsyn til fugl, dei viser til FN sin berekraftsmål og verdien av område til turisme. Fryktar støy frå oppdrettsanlegga. Viser til at bygda Bryggja har den einaste skjergarden innover i Nordfjord, her er mange fluer og grunner med gyteplassar og mange flotte friluftsområde som ein må verne om. Ønsker vernesone for skjergarden på Bryggja. Det statleg sikra friluftsområde ved Søholmen og sjøareala rundt dette vert særleg vektlagd </p>	Merknadane og motsegn frå Kystverket, er teke omsyn til. Arealane er teke ut av planen
	<p> Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane (på vegne av Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane og Vestland Natur og Ungdom) er særleg kritiske til tilrettelegging for meir oppdrett inne i Nordfjorden, eit viktig oppvekstområde for ein rekke artar med viktige lakseelvar. Dette gjeld òg for oppdrett av andre artar enn laks. På bryggja meiner dei at areala er i særleg er konflikt med friluftsliv både til havs og i skjergarden. Dei peikar på at kysten blir stadig viktigare som rekreasjonsareal, med aktivitetar som kajakk og fritidsfiske, og at det er viktig at kommunen bevara slike kvalitetar, som er ein vesentleg attraksjonsverdi ved å busette seg i mindre bygder. </p>	Merknadane og motsegn frå Kystverket, er teke omsyn til. Arealane er teke ut av planen

	<p><u>Norsk Ornitologisk Foreining avd Sogn og Fjordane</u> peikar på at akvakultur er problematisk i særleg høve til sjøfugl.</p> <p><u>Stad SV</u> ønsker at kommunen set krav til oppdrettsnæringa for å gjere den meir berekraftig, dei er uroa for følgene for allemannsretten på sjø og viser til bruken av sjøen til rekreasjon og fiske, samt til FN sine berekraftsmål</p> <p><u>Sogn og Fjordane fiskarlag og Sogn og Fjordane småfiskarlag</u> ønsker ikkje meir oppdrett i Nordfjorden og syner til at det i Nordfjorden foregår eit aktivt brislingfiske, samt fiske med garn, line og teine, og det er registeret gyteområde for kysttorsk. Bruken av sjøareala til fiske- og rekreasjonsområde.</p> <p><u>Norske Lakseelver og Norges Jeger- og Fiskerforbund</u> ønsker ikkje auke i akvakulturproduksjon i Nordfjorden av omsyn til sjøaure og villaksen. Dei foreslår at kommunen i planen stiller følgande teknologinøytrale funksjonskrav: Innan 2030 skal akvakulturanleggene i kommunen ikkje sleppe ut lakselus, andre patogen eller legemiddelrestar. Partikulært avfall skal samlast og resirkulerast slik at viktige ressursar som bl.a. fosfor kan gjenbrukast. For nye anlegg, konsesjonar eller lokalitetar, gjeld krava umiddelbart</p> <p><u>Bremanger kommune</u> syner til at det er kome fleire innspel om nye areal til akvakultur og utviding av areal til akvakultur på sørsida av Nordfjorden, det kan vere for liten avstand mellom anlegga.</p> <p><u>Vestland fylkeskommune</u> viser til at sjøområde ved Bryggja, Krokepollen og det statleg sikra friluftsområdet Søholmen er viktige friluftsområde. Dei er vurdert som viktige friluftslivsområde i Stad kommune sin kartlegging av friluftsområde, og at akvakultur kan påverke landskapsopplevinga og moglegheitene til å ferdast fritt med t.d. kajakk.</p> <p>Informasjon frå Eide fjordbruk/ Rådgivende biologer: Funn av korallforekomst med stor verdi</p> <p><u>Kystverket</u> varslar motsegn til VA42 Krokpollen på grunn av at arealet vil kome i konflikt med kvit sektor for Åsnes lykt. Dei varslar også motsegn mot VA43 Storøya på grunn av konflikt med farledsareal.</p>	
--	---	--

VK41 Kalvneset kombinert føremål akvakultur og hamneføremål

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Lutra AS	Fråsegn 2. høyring Svært relevant for Stad kommune å avsette areal til nedsenka akvakulturanlegg, jf vedlagd forskningsrapport.	Fråsegna er teken til orientering

Fleire	<p>Fråsegn 2. høyring – Rolf Arne Nore</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fjorden er ein viktig mat- og inntektsressurs • Gode fiskeplassar på Kalnesvika, rundt Åsneset og på Maurstadvika • Godt fiske av lyr, torsk, sei, hyse, brosme, kvitlange og blålange • Godt fiskemed vert øydelagt • Uroa over om faunaen vil overleve ureining frå oppdrett <p>Fråsegn 1. høyring – Nordfjord Ferie- og fritidssenter</p> <p>Fråsegn til 1. høyring – Bryggja pensjonistlag</p>	<p>Det vert vist til juridisk bindande føresegner til planen. Fellesføresegner 1.6.2 og 5.6</p> <p>Alle tiltak innafør planområdet må følgje dei til ein kvar tid gjeldande krav til vasskvalitet og miljømål jf. Vassforskrifta, og omsyn til villaksen som følgjer av kvalitetsnorma for villaks og § 7 i lakse- og innlandsfisklova.</p> <p>Med bakgrunn i at nasjonale miljøstandardar alt er overskridne innafør kommunen sine sjøareal, kan tiltak etter særlovar berre tillatast dersom aktiviteten kan skje utan forverring av miljøtilstand</p>
Kvernevik AS	<p>Fråsegn til 2. høyring</p> <ul style="list-style-type: none"> • ønskjer justert avgrensing av næringsareal på land • VS41 kan justerast • Ønskjer avklaring på om grense for utfylling ligg ved fyllingsfot eller kote 0, og at føresegnene opnar for at fylling kan strekke seg inn på tilstøytande arealbruksområde <p>Fråsegn til 1. høyring</p>	<p>Dette er avklara i dialog med forslagsstillar</p>
Jetmund Nyvang	<p>Fråsegn til 1. høyring</p> <p>Positiv til næringsutvikling på Kalneset</p>	<p>Fråsegna er teken til orientering</p>
Gunnar Totland Olsen	<p>Fråsegn til 1. høyring</p> <p>Går imot bygging av djupvasskai på Verpeneset. Ingen innvendingar mot småbåthamn</p>	<p>Området vert planlagt for småbåthamn, og omfang er redusert etter 1. høyring</p>
	<p><u>Statsforvaltaren</u> legg til grunn at alle aktuelle arealbruksinteresser i området vert utgreidd og avklart gjennom reguleringsplanprosessen med KU, og at det vert teke omsyn til nasjonale og viktige regionale interesser i området.</p> <p><u>Mattilsynet</u> viser til at fiskehelsesituasjonen i Nordfjord er slik at den ikkje gjev grunnlag til å tildele meir lokalitetsbiomasse med tradisjonell merdteknologi pr. dato, men dette kan endre seg ved neste produksjonsområdevurdering</p>	<p>Det er sendt ut varsel om oppstart av detaljregulering for området og kommunen ynskjer å oppretthalde denne utstrekninga.</p> <p>Detaljreguleringsplanen set krav til konsekvensutgreiing og vi legg til grunn alle aktuelle arealbruksinteresser i området vert utgreidd og avklart her, og at det gjennom denne planprosessen vert teke omsyn til nasjonale og viktige regionale interesser i området.</p>

VA44 Åsneset og VA45 Midthjell

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Eide Fjordbruk	<p>Framlegget til akvakulturområdet VA45 gir fleksibilitet i forhold til justering/plassering av eit framtidig anlegg sett opp mot moglege viktige naturførekomstar og andre interesser. Ei framtidig undersøking vil kunne gi kunnskap om dette slik at eit framtidig anlegg på lokaliteten kan plasserast deretter. Området er også svært godt eigna til integrert havbruk med lågtrofiske artar. Dette er viktig for å nå måla med planen for Stad kommune. Vil vere positive til at VA 47 går ut av planen dersom VA45 blir lagt inn i planframlegget.</p>	<p>Kystverket varsla motsegn mot VA44, og dette området er teke ut av planen. Området har også korallforekomst av svært høg verdi.</p>
Lokale interessentar	<p>Fråsegn 2. høyring - grunneigarar og bygdefolk på Midthjell Fråsegn 2. høyring - grunneigarar på Haus</p> <ul style="list-style-type: none"> - området har gjennom generasjonar vore nytta til m .a. garnfiske, linefiske, kilenot for laksefiske, krabbefiske og fiske frå land. - Til hinder for tradisjonell bruk av fjorden - mykje nytta område til friluftsliv, bading og rekreasjon - Midthjellsvika er avsett til omsynssone H530 friluftsliv og skal såleis skjermast for utbygging - Midthjellsneset er omfatta av omsynssone H730, automatisk freda kulturminne og er freda i medhald av lov om kulturminner. - eit rikt dyre- og fugleliv i Midthjellstranda som dei fryktar vil bli råka av både lyd- og lysforureining frå eit evt . oppdrettsanlegg . - oppdrettsanlegg er allereie etablert ved Svartekari på Davik på andre sida av fjorden, området vil bli «omringa» av oppdrettsanlegg på begge sider av fjorden med alle dei negative konsekvensar det vil ha både for det marine biologiske mangfaldet i fjorden og for oss som lever og bur i bygdene langs fjorden . - negative miljøkonsekvensar - Nordfjord har høgt utslepp av lakselus, villfisk vert smitta av lakselus, det er høgt smittepress og høg dødsrisiko for utvandrande laks . - Viser til uttaler frå Mattilsynet og Statsforvaltaren - Bygdefolket er samla i motstanden mot etablering av oppdrettsnæring på heile strekninga frå Ervikskorane til Midthjell. 	<p>Vi er klar over at fiskehelsesituasjonen i Nordfjord er slik at den ikkje gjev grunnlag til å tildele meir lokalitetsbiomasse med tradisjonell merdteknologi pr. dato, men dette kan endre seg ved neste produksjonsområdevurdering. Det er eit vesentleg moment at arealplanar vert utarbeidd med eit langsiktig perspektiv.</p> <p>Omsyn til andre interesser vert sikra gjennom føresegnene til planen</p> <p>Alle akvakulturareala har krav til art. I føresegnene er det sett strenge krav til miljø (sjå føresegn 1.6.2. og 5.6). Det er òg lagt til at ferdselsforbodet på 20 meter skal ligge innanfor areala sett av til akvakulturføre mål i plan. I tillegg er lagt inn eit føresegnssområde på 80 meter kring akvakulturareala som syner kvar ei fiskeforbodssone kan kome ved etablering av anlegg på dei enkelte akvakulturareala.</p> <p>Omsyn til friluftinteressene: Området vert justert slik at anlegget ikkje kjem i konflikt med kartlagde friluftinteressar.</p>

	<p>- Verutsette lokasjonar, utsett for rømming Grunneigarar og bygdefolk protesterer på tilrådinga i planforslaget, og går sterkt imot ei endring av arealformålet i Midthjellsvika til akvakultur. Ber om at kommunen legg større vekt på synleg og konsekvent miljøprofil for natur, lokalbefolkning og besøkande/turistar.</p> <p>Fråsegn 1. høyring - grunneigarar på Haus Fråsegn 1. høyring - grunneigarar og bygdefolk på Midthjell Fråsegn 1. høyring – Midthjell og Lefdal grendalag Fråsegn 1. høyring – Kjølisdalen Krins Utviklingslag Fråsegn 1. høyring – Nordfjord Ferie og Fritidssenter</p>	
	<p><u>Sogn og Fjordane fiskarlag og Sogn og Fjordane småfiskarlag</u> ønsker ikkje meir oppdrett i Nordfjorden og syner til at det i Nordfjorden er eit aktivt brislingfiske, samt fiske med garn, line og teine, og det er registrert gyteområde for kysttorsk. Bruken av sjøareala til fiske- og rekreasjonsområde.</p> <p><u>Norske Lakseelver og Norges Jeger- og Fiskerforbund</u> ønsker ikkje auke i akvakulturproduksjon i Nordfjorden av omsyn til sjøaure og villaksen. Dei foreslår at kommunen i planen stiller følgande teknologinøytrale funksjonskrav: Innan 2030 skal akvakulturanlegga i kommunen ikkje sleppe ut lakselus, andre patogen eller legemiddelrestar. Partikulært avfall skal samlast og resirkulerast slik at viktige resursar som bl.a. fosfor kan gjenbrukast. For nye anlegg, konsesjonar eller lokalitetar, gjeld krava umiddelbart.</p> <p><u>Bremanger kommune</u> syner til at det er kome fleire innspel om nye areal til akvakultur og utviding av areal til akvakultur på sørsida av Nordfjorden, det kan vere for liten avstand mellom anlegga.</p> <p><u>Vestland fylkeskommune</u>, syner til at auka tal akvakulturanlegg, hamneområde og utfyllingar i sjø set sjøareala og strandsona under press, både når det gjeld økologiske tilhøve, landskapsverdiar, friluftsliv og rekreasjon. Det er difor viktig at ein ser på den samla belastninga av alle dei føreslegne tiltaka og ikkje berre på konsekvensane av kvart enkelt tiltak.</p> <p><u>Mattilsynet</u> syner til at fiskehelsesituasjonen i Nordfjord er slik at den ikkje gjev grunnlag til å tildele meir lokalitetsbiomasse med tradisjonell merdteknologi pr. dato, men dette kan endre seg ved neste produksjonsområdevurdering</p>	<p>Vi er klar over at fiskehelsesituasjonen i Nordfjord er slik at den ikkje gjev grunnlag til å tildele meir lokalitetsbiomasse med tradisjonell merdteknologi pr. dato, men dette kan endre seg ved neste produksjonsområdevurdering. Det er eit vesentleg moment at arealplanar vert utarbeidd med eit langsiktig perspektiv.</p> <p>Omsyn til andre interesser vert sikra gjennom føresegnene til planen</p> <p>Alle akvakulturareala har krav til art. I føresegnene er det sett strenge krav til miljø (sjå føresegn 1.6.2. og 5.6). Det er òg lagt til at ferdseksforbodet på 20 meter skal ligge innanfor areala sett av til akvakulturføremål i plan. I tillegg er lagt inn eit føresegnssområde på 80 meter kring akvakulturareala som syner kvar ei fiskeforbodssone kan kome ved etablering av anlegg på dei enkelte akvakulturareala.</p>

	<p>Kystverket varslar motsegn til VA44 Åsneset på grunn av at arealet forstyrrar navigasjonsrettleiinga frå Åsnes fyrlykt. Anlegg kan ikkje komme inn i areal til farleia/ kvit sektor.</p> <p><u>Ny informasjon om korallar:</u></p> <p>Funn av korallforekomst med svært stor verdi ved Åsneset.</p>	
--	--	--

VA46 Haus VA47 Ervikskorane

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Ervikskorane	<p>Fråsegn 2. høyring - Eldar Lien Fråsegn 2. høyring - Margunn og Roald Ervik Fråsegn 2. høyring - Elin Nes Fråsegn 2. høyring – Ervik velforening</p> <p>Går sterkt imot eit oppdrettsanlegg i sjøområdet Ervik/Ervikskorane</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ligg det klemt mellom boligar i Ervik og kyrkje/skole i Kjølisdalen, bade- og fiskeplassar langs vegen utafor tunnelen. - slakk forankring av flytande opne merder på djupt vann(500m). Anlegget vil derfor drifte utafor regulert område - forankringslinene langs land set stoppar for alt line- og garnfiske i et område på 4-5 km i Ervik og Kjølisdalen. - det må lagast forvaltningsplan for heile fjorden før ein planlegg nye etableringar. - må stille krav om at nye anlegg må følgje utsleppskrav som gjeld for landbasert industri. - er det registrert raudlista korallar. I ROS analysen står at: «<i>Då det er uvisst korleis raudlista korallar kan bli påverka av oppdrettsanlegg, bør naturmangfaldlova sitt føre var prinsipp leggest til grunn og området ikkje vidareførast som akvakulturformål.</i>» - kommunen burde anlegge omsynssone grunna naturmangfald framfor å oppretthalde arealformålet. <p>Fråsegn 1. høyring - Eldar Lien Fråsegn 1. høyring - Eldar Lien Fråsegn 1. høyring - Margunn og Roald Ervik Fråsegn 1. høyring - Ervik velforening</p>	Med grunnlag i innkomne merknader og varsel om motsegn frå Statsforvaltaren, vert område Ervikskorane teke ut av planen.

<p>Lokale interessentar, fråsegner som gjeld begge områda</p>	<p>Fråsegn 2. høyring - Grunneigarar på Haus Fråsegn 2. høyring - Kjølsdalen krins utviklingslag</p> <p>Går sterkt imot etablering av område for akvakultur på strekninga mellom Midthjell og Kjølsdalen. Opprettheld protest og krev at VA45,VA46 og VA47 fjerna frå planen som område for akvakultur</p> <ul style="list-style-type: none"> - Til hinder for tradisjonell bruk av fjorden - Negative miljøkonsekvensar, treng branngater jf mattilsynet - Høge konsentrasjonar av lakselus - Verutsette lokasjonar, fare for rømming - KKUL ønskjer ingen av oppdrettslokalitetane, dei har for stor negativ påverknad på miljø, bygdefolk og brukarar av friluftsområda - VA46 – det er ikkje nemnt at det er naust i området, dessutan bod som vert flittig nytta til opphald og bading - Mattilsynet ønskjer branngater, anlegg på Svartekari er ikkje nemnt - Etterlyser synfaring <p>Ber om at kommunen legg større vekt på synleg og konsekvent miljøprofil for natur, lokalbefolkning og besøkande/turistar.</p> <p>Fråsegn 1. høyring- Grunneigarar på Haus Fråsegn 1. høyring - Kjølsdalen krins utviklingslag</p>	<p>Med grunnlag i innkomne merknader og varsel om motsegn frå Statsforvaltaren, vert område Ervikskorane teke ut av planen.</p> <p>VA46 Haus kan berre nyttast til skjell/vasslevande plantar. Dette er ei endring frå gjeldande arealdel for Eid som del av Stad, der det ikkje var slik avgrensing knytt til art.</p>
	<p>Kjølsdalen Krins Utviklingslag og grunneigarar i området er uroa for verknaden oppdrett kan få rekreasjon som bading, fiskeplassar, fritidsaktivitetar og foreining. Dei viser til områder som er mykje brukt til friluftsliv langs land og er uroa for allemannsretten i sjø. Området er mye brukt til lokalt line- og garnfiske. Vidare peikar dei på viktige naturverdiar som hjortetrekk i sjø, sjøfugl, korallar, artar av stor forvaltnings-interesse, villaks og sjøaure-bestandar, viktige lakseelvar og vassdrag, kulturminne på land. Det er og fleire fisketuristverksemdar i område. Det er kort avstand frå bebyggelse til areala og dei er uroa for støy- og lydureining frå oppdrettsanlegg som i lag med reduserte friluftsområde vil påverke bulysta. Dei ønsker eit samarbeid mellom kommunane i Nordfjorden om planlegging av akvakultur og avsluttar med at fjordområda frå bør setjast av til friluftsliv i kommunedelplanen.</p> <p>Kjølsdalen Montessoribarnehage, Kjølsdalen Montessoriskule, Miljøagentane Kjølsdalen, Trekløveret 4H, meiner det ikkje er plass til fleire oppdrettsanlegg i fjorden og viser til berekraftmåla til FN, Oppdrettsanlegg i desse områda vil påverke kulturminne, mangfaldet av fisk og andre levande organismar i sjøen</p>	<p>Vi er klar over at fiskehelsesituasjonen i Nordfjord er slik at den ikkje gjev grunnlag til å tildele meir lokalitetsbiomasse med tradisjonell merdteknologi pr. dato, men dette kan endre seg ved neste produksjonsområdevurdering. Det er eit vesentleg moment at arealplanar vert utarbeidd med eit langsiktig perspektiv.</p> <p>Omsyn til andre interesser vert sikra gjennom føresegnene til planen</p> <p>Alle akvakulturareala har krav til art. I føresegnene er det sett strenge krav til miljø (sjå føresegn 1.6.2. og 5.6). Det er òg lagt til at ferdseksforbodet på 20 meter skal ligge innanfor areala sett av til akvakulturføremål i plan. I tillegg er lagt inn eit føresegnsområde på 80 meter kring</p>

	<p>og fuglelivet i området. Område er mykje brukt av born og unge til friluftsliv i sjø. Ønsker lukka anlegg og er uroa for villaks i elvene rundt dei. Bruker fjorden til symjeundervisning og fjøra til leik og læring, og er uroa for ureining frå oppdrett. Vil ha fri ferdsel med småbåtar langs land. Er redd lyd og lys frå oppdrett påverkar busetnaden negativt. Fjorden har ei viktig pedagogisk betydning for borna som bur her og går i barnehage og skule her, ved turar i sjøkanten møtes ein på tvers av generasjonar og lærer om fisk frå fjorden.</p> <p><u>Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane</u> (på vegne av Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane og Vestland Natur og Ungdom) er særleg kritiske til tilrettelegging for meir oppdrett inne i Nordfjorden, eit viktig oppvekstområde for ein rekke artar med viktige lakseelvar. Dette gjeld òg for oppdrett av andre artar . <u>Ornitologisk Foreining avd Sogn og Fjordane</u> peikar på at akvakultur er problematisk i særleg høve til sjøfugl.</p> <p><u>Sogn og Fjordane fiskarlag og Sogn og Fjordane småfiskarlag</u> ønsker ikkje meir oppdrett i Nordfjorden og syner til at det i Nordfjorden er eit aktivt brislingfiske, samt fiske med garn, line og teine, og det er registeret gyteområde for kysttorsk. Bruken av sjøareala til fiske- og rekreasjonsområde.</p> <p><u>Norske Lakseelver og Norges Jeger- og Fiskerforbund</u> ønsker ikkje auke i akvakulturproduksjon i Nordfjorden av omsyn til sjøaure og villaksen. Dei foreslår at kommunen i planen stiller følgande teknologinøytrale funksjonskrav: Innan 2030 skal akvakulturanlegga i kommunen ikkje sleppe ut lakselus, andre patogen eller legemiddelrestar. Partikulært avfall skal samlast og resirkulerast slik at viktige resursar som bl.a. fosfor kan gjenbrukast. For nye anlegg, konsesjonar eller lokalitetar, gjeld krava umiddelbart.</p> <p><u>Bremanger kommune</u> syner til at det er kome fleire innspel om nye areal til akvakultur og utviding av areal til akvakultur på sørsida av Nordfjorden, det kan vere for liten avstand mellom anlegga.</p> <p><u>Vestland fylkeskommune</u> syner til at auka tal akvakulturanlegg, hamneområde og utfyllingar i sjø set sjøareala og strandsona under press, både når det gjeld økologiske tilhøve, landskapsverdiar, friluftsliv og rekreasjon. Det er difor viktig at ein ser på den samla belastninga av alle dei føreslegne tiltaka og ikkje berre på konsekvensane av kvart enkelt tiltak.</p> <p><u>Kystverket</u> ber om at VA47 Ervikskorane vert justert slik at arealet ikkje ligg i farledsareal eller i kvit sektor.</p> <p><u>Ny informasjon om korallar:</u></p>	<p>akvakulturareala som syner kvar ei fiskeforbodssone kan kome ved etablering av anlegg på dei enkelte akvakulturareala.</p>
--	---	---

	Funn av korallforekomst med middels verdi ved Ervikskorane. Statsforvaltaren syner til at etablering av anlegg ved Ervikskorane kjem i strid med viktige statlege interesser , og legg til grunn at området vert tekne ut av planen	
--	---	--

VA49 Orheimsvika VA50 Løkjanaset VA51 Fjøsvika

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Haugen/Løkjanaset	<p><u>Fråsegn til 2. høyring - Aashild Bjørhovde Halnes, Toralf Halnes, Siri Lund, Stein Bjørhovde</u></p> <p>Område VA50, Løkjanaset, akvakulturanlegg i sjø.</p> <ul style="list-style-type: none"> Småbåthamn og badeplassen på Løkjanaset ligg rett aust for VA50. Dette er ein av få badestrender i Eidsfjorden med god sandbotn, stupebrett og naturlege svaberg. Området er mykje nytta heile året, men sjølvstapt mest om sommaren Naustdalvika vest for VA50 er ein lett tilgjengeleg langgrunn vik med gode fisketilhøve for fritidsfiskarar. Det ligg ein autentisk naustrekkje her, med to steinvorrar og ein ser restar av den gamle dampskipskaia. VA50 mellom desse to mykje nytta friluftsområda vil i blokkere for «landnær»/ lågterskel vannsport og sjøaktivitet som til dømes kajakkpadling/ SUP/ småbåttrafikk langs land mellom desse områda. ber om at området VA50 vert teken ut av planen Behova og måla i planen har eit for einseitig fokus, der tilrettelegging for auka næringsaktivitet heilt tydeleg kjem i første rekkje. Ønskjer ikkje landbasert oppdrettsanlegg på Løkjanaset, uroa over ureining til sjø og vassdrag Peikar på viktige friluftsiinteresser <p><u>Fråsegn 1. høyring - Grunneigarar på Løkja</u> <u>Fråsegn 1. høyring - Haugen og Dalen bygdeutviklingslag</u></p>	VA50 er lokalisert i tilknytning til eit eksisterande næringsområde. For å ta best mogleg omsyn til dei som bur og ferdast nærast akvakulturareal, har vi sett krav til miljø og utstrekning av akvakulturanlegg gjennom føresegnene til planen. Det er sett krav til art på VA50 Løkjanaset; her kan det berre produserast skjell og vasslevande plantar.
Sameiget Haugen og Dalen Grunneigarlag	<p><u>Fråsegn 1. høyring</u></p> <p>Foreslår at følgjande formulering vert teke inn i planen: <i>Stad kommune ønsker en forutsigbar og bærekraftig vekst i akvakultur. For å få til dette stilles følgende teknologinøytrale funksjonskrav med hjemmel i Plan- og bygningsloven, naturmangfoldloven og vanddirektivet: Innen 2030 skal</i></p>	Kommunen har ikkje høve til å stille krav til drift med heimel i plan og bygningslova.

	<p>akvakulturanleggene i kommunen ikke slippe ut lakselus, andre patogener eller legemiddelrester. Partikulært avfall skal samles og resirkuleres slik at viktige ressurser som bl.a. fosfor kan gjenbrukes. For nye anlegg, konsesjoner eller lokaliteter, gjelder kravene umiddelbart.</p> <p>Oppmodar om å legge vesentleg vekt på økosystemet i Nordfjorden og allemannsretten til fiske/friluftsliv når planen for nye oppdrettslokalitetar skal handsamast etter høyringa.</p>	<p>Vedkomande miljøkonsekvensane vert det vist til tilleggsutgreiinga om påverknad frå akvakultur i Nordfjorden, og bindande juridiske føresegner til planen.</p>
Fjord Miljø AS	<p>Fråsegn 1. høyring</p> <p>Fjord Miljø AS ønsker at areal VA50 vidareførast då det vil gjere eksisterande industriområde på land meir aktuelt til landbasert produksjon av fisk. Arealet er godt eigna for landbasert oppdrett, tilrettelagt industriområde med teknisk infrastruktur og andre viktige nøkkelressursar. Satsing på landbasert produksjon vil gje ei moderne utvikling av området og eit visuelt løft i høve til dagens industriområde, samt gje arbeidsplassar lokalt.</p> <p>Meiner at arealet ikkje reduserer verdi for etablerte bustadfelt, friluftsområde, eller som opphaldsområde for barn og unge i høve til dagens arealføremål, og heller ikkje påverkar Eidsfjorden sin status som nasjonal laksefjord. Ei eventuell etablering av landbasert fiskeproduksjon krev omfattande søknad og dokumentasjon.</p>	<p>Fråsegna er teke omsyn til.</p>
Fjøsvika -Gjølsbrua	<p>Fråsegn til 2. høyring - Aashild Bjørhovde Halnes, Toralf Halnes, Siri Lund, Stein Bjørhovde</p> <p>Fråsegn 2. høyring - Håkon Dag Sørland og Liv Marit Øvstebø</p> <p>Område VA51, Eidsfjorden, Fjøsvika-Gjølsbrua, akvakulturområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • ønsker at området fjernast frå planen, fordi ein ikkje ønsker meir etablering av oppdrettsanlegg i Eidsfjorden i konflikt med friluftsliv og busetting, både fast- og fritidsbusetnad. • Lokale protestar mot planar for sjøareala er viktig å ta på alvor. • Blåskjeldyrking har vore prøvt her tidlegare. Det var, som dei andre stadane ein prøvde dette, ein fullstendig fiasko. • dei lokale grunneigarane må ha tilkomst til si eiga strand. Det er viktig å merke seg at fiske med faststående reiskap er ein lovfesta grunneigarrett sjølv om det ikkje er avmerka i ein slik kommuneplan. 	<p>Nytt regelverk gjer at ein ikkje lenger risikerer slike ulemper som ved tidlegare blåskjell dyrking i området. Det er mellom anna krav til bankgaranti for å sikre opprydding av anlegget i tilfelle konkurs.</p> <p>Avgrensinga på VA51 er endra i høve gjeldande kommuneplan. Arealet er lagt lenger i frå land slik at nyregistrert fiskeområde, som er lagt inn i plankartet, vert teke omsyn til.</p> <p>Det er sett krav til art på VA51 Fjøsvika - Gjølsbrua; her kan det berre produserast skjell og vasslevande plantar.</p>
	<p>Eide fjordbruk ønsker at areal i Eidsfjorden vert vidareført slik det ligg i eksisterande plan (VA51 Fjøsvika).</p>	<p>Dette er teke til følge, med mindre endringar</p>

Stårheim	<p>Fråsegn 1. høyring – Stårheim bygdelag Fråsegn 1. høyring – Grunneigarar på Orheim</p> <p>Ønskjer ikkje oppdrettsanlegg i Orheimsvika Peikar på smitteproblematikk, og planlegging av oppdrettsanlegg i strid med faglege tilrådingar Peikar på viktige friluftssinteresser Uheldig å budsjettere med inntekter i forkant av planprosess</p>	Kystverket varsla motsegn mot arealet, framlegget er teke ut av planen
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane	<p>Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane er særleg kritiske til tilrettelegging for meir oppdrett inne i Nordfjorden, eit viktig oppvekstområde for ein rekke artar med viktige lakseelvar. Dette gjeld òg for oppdrett av andre artar enn laks</p> <p>Norsk Ornitologisk Foreining avd Sogn og Fjordane peikar på at akvakultur er problematisk i særleg høve til sjøfugl.</p> <p>Sogn og Fjordane fiskarlag og Sogn og Fjordane småfiskarlag ønsker ikkje meir oppdrett i Nordfjorden og syner til at det i Nordfjorden er eit aktivt brislingfiske, samt fiske med garn, line og teine, og det er registeret gyteområde for kysttorsk. Bruken av sjøareala til fiske- og rekreasjonsområde.</p> <p><u>Norske Lakseelver og Norges Jeger- og Fiskerforbund</u> ønsker ikkje auke i akvakulturproduksjon i Nordfjorden av omsyn til sjøaure og villaksen. Dei foreslår at kommunen i planen stiller følgande teknologinøytrale funksjonskrav: Innan 2030 skal akvakulturanlegga i kommunen ikkje sleppe ut lakselus, andre patogen eller legemiddelrestar. Partikulært avfall skal samlast og resirkulerast slik at viktige resursar som bl.a. fosfor kan gjenbrukast. For nye anlegg, konsesjonar eller lokalitetar, gjeld krava umiddelbart.</p> <p><u>Vestland fylkeskommune</u> syner til at auka tal akvakulturanlegg i sjø set sjøareala og strandsona under press, både når det gjeld økologiske tilhøve, landskapsverdiar, friluftsliv og rekreasjon. Det er difor viktig at ein ser på den samla belastninga av alle dei føreslegne tiltaka.</p> <p><u>Kystverket</u> varslar motsegn til VA49 og VA50 på grunn av at arealet vil forstyrre navigasjonsretteiinga frå Reksnes fyrlykt/ hindrar sikt. VA områda kan ikkje komme inn i areal til farleia/ kvit sektor. Dei har merknad til VA51 og ber kommunen sjå til at arealet ikkje kjem inn i farledsarealet.</p>	Avgrensing på anlegga er endra, og Kystverket har trekt sine motsegner

VA52 Hamneset – Torheimsneset VA53 Torvneset

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Eide Fjordbruk	<p>Arealet bør vidareførast.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Akvakulturområdet er justert mellom 1. og 2. gongs høyring slik at det er teke omsyn til korallførekomstar jf rapport frå Rådgivende Biologer • KU tek ikkje omsyn til at akvakulturområdet er flytta i forhold til naturmangfald. KU blir difor feil slik akvakulturområdet no er plassert i 2. offentleg ettersyn av planen. • KU tek ikkje omsyn til at ein langsiktig arealplan må ta høgde for ny teknologi eller endra krav til næringa. • gjer merksam på at Eide Fjordbruk har søkt om oppdrett av lågtrofiske artar for å kunne drive integrert havbruk på lokaliteten. Ber kommunen om å fjerne 100 metersbeltet mot sjø slik at akvakulturføremålet går heilt inn til land. • Kystverket si motsegn: Dersom ein justerer avstanden mot land slik skildra ovanfor bør det vere mogleg å tilpasse seg kravet frå Kystverket. 	<p>Fråsegna gjeld VA53. Med bakgrunn i Statsforvaltaren si motsegn vil det berre bli høve til produksjon av skjell og vasslevande plantar her.</p> <p>Vi har endra utstrekning av fiskeforbodssona slik at arealet samsvarar best mogleg med søknad etter akvakulturlova som Stad kommune har gjeve positiv uttale til.</p>
Fastbuande og hyttefolk i og omkring Hundvik	<p>Fråsegn 2. høyring</p> <ul style="list-style-type: none"> • ser med uro på at det ikkje er teke omsyn til konsekvensutgreiinga eller innspela frå fyrste gongs høyring, og at VA53 Torvneset ligg inne i planen uendra. • Det føreslegne området for VA53 Torvneset ligg i Breivika. Uroa for at dette har ført til samanblanding med VA55 Breivika som ligg i Lotestranda. <p>Om området rundt VA53</p> <ul style="list-style-type: none"> • Langs Nordfjorden er det få område der det ikkje ligg veg i eller nær strandlinja. For rekreasjonsføremål har difor området høg verdi. Det er sporadisk yrkesfiske, og mykje fritidsfiske i området rundt Torvneset og Breivika. Det er eit rikt dyreliv i og ved fjorden. <p>Naturområde utan påverknad</p> <ul style="list-style-type: none"> • I KU står det at området ved VA53 er lite påverka av tekniske inngrep, med unntak av kraftleidningane. Linja er vedteke sanert, og arbeidet med å fjerne den er snart slutført. Området utan naturpåverknad vert dermed større, og meir likt området i mot Lote som KU kommenterer er utan påverknad. 	<p>Lokaliteten vert artsjustert slik at den berre kan nyttast til skjell og vasslevande plantar.</p> <p>Vedkomande miljøkonsekvensane vert det vist til tilleggsutgreiinga om påverknad frå akvakultur i Nordfjorden, og bindande juridiske føresegner til planen.</p> <p>Alle tiltak innafor planområdet må elles følgje dei til ein kvar tid gjeldande krav til vasskvalitet og miljømål jf. Vassforskrifta</p> <p>Med bakgrunn i at nasjonale miljøstandardar alt er overskridne innafor kommunen sine sjøareal, kan tiltak etter særlovar berre tillatast dersom aktiviteten kan skje utan forverring av miljøtilstand</p>

	<p>Påverknad på natur, friluftsliv, turisme</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ein har funne feittlag på fjorden og langs strandlinja i nærleiken av lokaliteten Hundvika aust, både ved standrydding, og observert frå Hundvika. I • Kommunen har i 2020 kartlagt viktige friluftsområde, men område rundt VA53 manglar. Gjeldande kommunedelplan for Stad/Eid –Arealdelen i kommuneplanen 2015-2027 har som vedtaksdokument <i>Kart strandsonkartlegginga</i> og <i>Strandsonevurdering med bilde</i>. I denne vurderinga er både Torvnesflua-Uførhamneset (23) og Breivika (24) av områda som vart rekna som attraktive for ålmenta. Denne strandsonvurderinga er ikkje nemnd i konsekvensutgreiinga eller planarbeidet for sjøområda, og ein ber om at de tek omsyn til eigne vedtaksdokument i det vidare arbeid med sjøbruksplanen. <p>Påverknad av marint liv.</p> <ul style="list-style-type: none"> • All raudfisk på veg til elvane i nabokommunane Stryn og Gloppen, og smolt på veg til havet, må passere Torvneset der fjorden er på det smalaste. Nordfjorden er nasjonal laksefjord frå Anda og innover, og både Oldeelva og Stryneelva er nasjonale laksevasdrag. • uroa for auka forureining og påverknad av det marine livet, og vidare sjøfuglbestanden, både med tanke på medisiner og lusebehandling, og på utslepp av fosfor og næringssalt via avføring. <p>Energiforsyning</p> <ul style="list-style-type: none"> • VA53 Torvneset manglar infrastruktur. KU seier om støy og forureining «ingen kjende», og grøøn markering. Har erfaring med til dels mykje støy frå anlegget Hundvika aust. • Den nye sjøbruksplanen må stille krav om fornybar energi, landstraum og/eller sol/vindenergi for alle lokalitetar, i ein kommune med mål om nullutslepp. <p>Verksemdrisiko –Pigghå</p> <ul style="list-style-type: none"> • Pigghå er ikkje nemnt i KU i det heile. Pigghåen riv maten sin ved å bite tak og snurre seg rundt. På denne måten riv den også truleg hol i nota på oppdrettsanlegg. Dette vil vere vanskeleg å hindre, sjølv med dobbel not. <p>Naturrisiko – is.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fare for drivis er ikkje nemnt i KU, og truleg heller ikkje vurdert. 	
--	---	--

	<p>Saksframlegget til 2. høyring–artsjustere eller ta ut VA53</p> <ul style="list-style-type: none"> • For VA53 er det ikkje eit alternativ å la området stå slik det gjer i framlegget. Det må anten takast ut eller artsjusterast slik at ein berre tillèt skjell og vasslevande plantar. • Eit tradisjonelt gammaldags fiskeoppdrettsanlegg med opne merdar og straumforsyning via dieselaggregat kan umogleg vere framtidsretta. Om Stad kommune skal auke inntekta frå havbruksfondet må det skje med ny teknologi og dei mest miljøvennlege og berekraftige løysingane, ikkje med dieselaggregat-drivne lokalitetar og opne merdar i sjø. • sjøbruksplanen bør legge vekt på minst moglege skadeverknader for natur og menneske, og regulere bruk av fossil energi og støy. <p>Fråsegn 1. høyring</p>	
<p>Grendahuset på Torheim og grunneigarar på Torheim</p>	<p>Fråsegn 1. høyring</p> <p>ønsker ikkje akvakultur på VA52 og VA53. Dei peikar på omsyn til berekraft, problem med marin forsøpling, tilhøve til nasjonal laksefjord og nasjonale laksevassdrag i Nordfjorden. Dei viser til reiselivsverksemdar som er avhengige av dei viktige lakseelvane i Nordfjord. Er uroa for allemannsretten i sjø, rett til å fare på fjorden og fiske til eige matauk. Støy frå anlegg kan uroe hjortevilt og forringe jakta. Etablering av meir oppdrett i Nordfjorden må skje i lukka anlegg.</p>	<p>Det vert ikkje lakseproduksjon på nokon av lokalitetane, planen opnar berre for skjell og vasslevande plantar</p>
	<p>Eide fjordbruk ønsker å utvide VA53 innover fjorden for å fjerne/reduere konflikt med marine naturførekomstar/korallar, og gi rom for IMTA.</p> <p>Nordfjord Laks går i mot akvakultur på VA53 pga større lusepress i indre/midtre Nordfjord som vil utgjere betydelege økonomiske og biologiske ulemper for eksisterande oppdrettsfirma i området.</p> <p>Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane (på vegne av Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane og Vestland Natur og Ungdom) er særleg kritiske til tilrettelegging for meir oppdrett inne i Nordfjorden, eit viktig oppvekstområde for ein rekke artar med viktige lakseelvar. Dette gjeld òg for oppdrett av andre artar enn laks</p> <p>Norsk Ornitologisk Foreining avd Sogn og Fjordane peikar på at akvakultur er problematisk i særleg høve til sjøfugl.</p> <p>Sogn og Fjordane fiskarlag og Sogn og Fjordane småfiskarlag ønsker ikkje meir oppdrett i Nordfjorden og syner til at det i Nordfjorden er eit aktivt brislingfiske, samt fiske med garn, line og teine, og det er registeret gyteområde for kysttorsk. Bruken av sjøareala til fiske- og rekreasjonsområde.</p>	<p>Det vert ikkje lakseproduksjon på nokon av lokalitetane, planen opnar berre for skjell og vasslevande plantar</p> <p>Kystverket har trekt sine motsegner, etter dialog med kommunen</p>

Norske Lakseelver og Norges Jeger- og Fiskerforbund ønsker ikkje auke i akvakulturproduksjon i Nordfjorden av omsyn til sjøaure og villaksen. Dei foreslår at kommunen i planen stiller følgande teknologinøytrale funksjonskrav: Innan 2030 skal akvakulturanlegga i kommunen ikkje sleppe ut lakselus, andre patogen eller legemiddelrestar. Partikulært avfall skal samlast og resirkulerast slik at viktige resursar som bl.a. fosfor kan gjenbrukast. For nye anlegg, konsesjonar eller lokalitetar, gjeld krava umiddelbart.

Bremanger kommune syner til at det er kome fleire innspel om nye areal til akvakultur og utviding av areal til akvakultur på sørsida av Nordfjorden, det kan vere for liten avstand mellom anlegga.

Gloppen kommune ser at akvakulturproduksjon i fjorden påverkar på tvers av kommunegrensene og stiller spørsmål om tida er mogen for å lage ein felles forvaltnings- og utviklingsplan for Nordfjorden, som eit samarbeid mellom kommunane i fjorden.

Vestland fylkeskommune, syner til at auka tal akvakulturanlegg, hamneområde og utfyllingar i sjø set sjøareala og strandsona under press, både når det gjeld økologiske tilhøve, landskapsverdiar, friluftsliv og rekreasjon. Det er difor viktig at ein ser på den samla belastninga av alle dei føreslegne tiltaka og ikkje berre på konsekvensane av kvart enkelt tiltak.

Kystverket varsla **motsegn** til VA52 på grunn av at arealet kjem i konflikt med kvit sektor frå Reksnes lykt. Akvakulturanlegg på begge sider av fjorden, smalt, kursendring. I dialog med Kystverket kom det fram at det kan vere mogleg med eit areal her som går utanom farledsareal og kvit sektor.

Dei varsla og **motsegn** til VA53 på grunn av at arealet kjem i konflikt med farlei, det er smalt og her er kursendring. I dialog med Kystverket kome det fram at arealet vil vere utanfor konfliktareala om det vert flytta noko mot Breivika og vi ser til at det ikkje kjem ut i farledsarealet.

Ny informasjon om korallar:
2 funn av korallforekomstar med middels verdi; ved Torvneset og ved Uførene.

Med atterhald om at det berre vert opna for skjel og vasslevande planter i VA 53, **fremjar statsforvaltaren ikkje motsegn.**

I motsett fall, dersom planen opnar for fleire artsgrupper, fremjar dei motsegn mot VA53, på bakgrunn av kjent kunnskap om naturmangfald, jf. fråsegna til 2. gongs høyring.

VA54 Hjellevika, VA55 Breivika, VA56 Lotestranda

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
	<p>Fråsegn 2. høyring – Arild Lote Henden, Henrik Tryggestad Koi, Ellen Karin Storevik, Hanna Tryggestad Koi - på vegne av innbyggjarar, grunneigarar og folk med tilknytning til Lote Fråsegn. 2. høyring – Årskogvika Camping DA</p> <ul style="list-style-type: none"> • Peikar på negative miljøkonsekvensar ved oppdrett • Meiner at forskning/utvikling bør skje på eksisterande lokalitetar • Erfaring frå skjelproduksjon i Nordfjorden er dårlege, mukje gift i skjela • Låg økonomisk vinst for kommune og lokalsamfunn • Årskogvika er ein viktig badeplass, 800 m frå VA56 • Mykje nytta for rekreasjon, mnatur og friluftsopplevingar • Viktig friluftsområde med parkering og toalett • Oppdrett forringar den visuelle opplevinga <p>Oppsummering</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nytt av meir oppdrett er for liten i forhold til ulempene med anlegga. • Ønskjer ikkje at det skal bli lagt til rette for akvakultur ved Lote/Lotsstranda. • Satsing på oppdrettsfisk må i all hovudsak forgå i kontrollerte former på land med lokalprodusert fôr. • At potensielle oppdrettskommunar skal gå med på dei tekniske, miljømessige og økonomiske føresetnadane som ligg i dag vil vere underleg og bekymringsfullt. Menneska har opp gjennom tida gjort mange val der vi ikkje har sett konsekvensane før det har vore for seint. Fokus på «Føre var»-prinsippet bør henge høgt. Det nyttar ikkje å komme tilbake om 10, 20, 50 eller 100 år og seie at vi tok feil. Fjorden skal vere her for mange nye generasjonar. <p>Fråsegn 1. høyring</p>	<p>Alle områda vert teke ut frå planen, med bakgrunn i fråsegner og varsel om motsegn frå Statsforvaltaren.</p>
Henrik T. Koi m.fl	<p>Fråsegn 2. høyring</p> <ul style="list-style-type: none"> • klage på det ein meiner er mangelfull og inkonsekvent saksbehandling i etterkant av 1. høyringsrunde. • vesentlege manglar ved saksbehandlinga som ligg til grunn for det reviderte og vedtekne planforslaget. Meiner at vedtaket vart basert på feil grunnlag, og at det burde vore kjend ugyldig 	<p>Det vert gjort merksam på at utleggingsvedtaka ikkje er enkeltvedtak etter forvaltningslova. Dette er prosessleiane avgjerder som ikkje utløyser klagerett.</p>

	<p>Det vert peika på 5 sakshandsamingsfeil:</p> <ul style="list-style-type: none"> • manglande vektlegging av lokal motstand • inkonsekvent vektlegging av KU-konklusjonar og andre innspel • ikkje teke høgde for at lokasjonen er ueigna for marine artar. • total ignorering av nokre av vår tids største utfordringar • ignorering av nabokommunar og felles interesser <p>For nærare grunngjeving for klagepunkta vert det vist til fråsegna.</p> <p>Oppsummering: VA55 – Breivika må ut av sjøarealplanen og Stad kommune bør lytte til konklusjonane i konsekvensutgreiinga: området er ikkje egna som akvakulturlokasjon.</p>	
	<p>Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane (på vegne av Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane og Vestland Natur og Ungdom) er særleg kritiske til tilrettelegging for meir oppdrett inne i Nordfjorden, eit viktig oppvekstområde for ein rekke artar med viktige lakseelvar. Dette gjeld òg for oppdrett av andre artar enn laks</p> <p>Norsk Ornitologisk Foreining avd Sogn og Fjordane peikar på at akvakultur er problematisk i særleg høve til sjøfugl.</p> <p>Sogn og Fjordane fiskarlag og Sogn og Fjordane småfiskarlag ønsker ikkje meir oppdrett i Nordfjorden og syner til at det i Nordfjorden er eit aktivt brislingfiske, samt fiske med garn, line og teine, og det er registeret gyteområde for kysttorsk. Bruken av sjøareala til fiske- og rekreasjonsområde.</p> <p><u>Norske Lakseelver og Norges Jeger- og Fiskerforbund</u> ønsker ikkje auke i akvakulturproduksjon i Nordfjorden av omsyn til sjøaure og villaksen. Dei foreslår at kommunen i planen stiller følgande teknologinøytrale funksjonskrav: Innan 2030 skal akvakulturanlegga i kommunen ikkje sleppe ut lakselus, andre patogen eller legemiddelrestar. Partikulært avfall skal samlast og resirkulerast slik at viktige resursar som bl.a. fosfor kan gjenbrukast. For nye anlegg, konsesjonar eller lokalitetar, gjeld krava umiddelbart.</p> <p><u>Bremanger kommune</u> syner til at det er kome fleire innspel om nye areal til akvakultur og utviding av areal til akvakultur på sørsida av Nordfjorden, det kan vere for liten avstand mellom anlegga.</p> <p>Gloppen kommune ser at akvakulturproduksjon i fjorden påverkar på tvers av kommune-grensene og stiller spørsmål om tida er mogen for å lage ein felles</p>	<p>Alle områda vert teke ut frå planen, med bakgrunn i fråsegner og varsel om motsegn frå Statsforvaltaren</p>

	<p>forvaltnings- og utviklingsplan for Nordfjorden, som eit samarbeid mellom kommunane i fjorden.</p> <p><u>Vestland fylkeskommune</u>, syner til at auka tal akvakulturanlegg, hamneområde og utfyllingar i sjø set sjøareala og strandsona under press, både når det gjeld økologiske tilhøve, landskapsverdiar, friluftsliv og rekreasjon. Det er difor viktig at ein ser på den samla belastninga av alle dei føreslegne tiltaka og ikkje berre på konsekvensane av kvart enkelt tiltak.</p> <p><u>Kystverket</u> ber oss justere arealet på VA55 slik at det ikkje kjem ut i farleia, arealet ligg i eit vegkryss i Nordfjorden.</p> <p>Etablering av anlegg i Breivika kjem i strid med viktige statlege interesser, og statsforvaltaren legg til grunn at området vert teke ut av planen</p> <p>fremjer motsegn om dette vert teke inn i planen</p>	
--	--	--

VA57 Aust for Åseskjeret

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
	<p>Fråsegn 1. høyring – Arild Lote Henden m.fl.</p> <p><u>Eide fjordbruk</u> viser til at ein kan ta ut VA57 av planen dersom ein finn at tilsvarande areal kan plasserast ved VA55 Breivika. Elles ønsker dei at VA57 vert vidareført tråd med gjeldande plan.</p> <p><u>Nordfjord laks AS</u> ønsker ikkje at område VA57 vert sett av til akvakultur til laks og aure pga grense for verna laksefjord i Stryn, samt for kort avstand til lakselokalitet 31577 Haneholmen iflg krav frå Mattilsynet. Det er også for liten avstand for marin fisk, som kan få helseproblem av ferskvatnet i fjorden. Område VA56 kome i smittemessig konflikt med Nordfjord Laks sine anlegg i Gloppen ved drift med laks og aure.</p> <p><u>Årskogvika Camping DA</u> er sterkt imot at det vert etablert meir akvakultur i Nordfjorden i området Åseneset til Hunvika, og viser til at Årskogvika er eit godt tilrettelagt og viktig friluftsområde og ein mykje brukt badeplass, og at sjøen blir brukt til vannsport og rekreasjon. Meiner at oppdrettsanlegg vil forringe den visuelle opplevinga av det fjordlandskapet, ei merkevare for kommunen, og bidra negativt til framtidig satsing innafor turistnæringa. Det vil òg gjere turistaktivitetar relatert til sjø mindre tilgjengelege og attraktive.</p> <p><u>Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane</u> (på vegne av Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane og Vestland Natur og Ungdom) er</p>	<p>Området vart teke ut frå planen etter 1. høyring, med bakgrunn i fråsegner og varsel om motsegn frå Kystverket</p>

	<p>særleg kritiske til tilrettelegging for meir oppdrett inne i Nordfjorden, eit viktig oppvekstområde for ein rekke artar med viktige lakseelvar. Dette gjeld òg for oppdrett av andre artar enn laks</p> <p><u>Norsk Ornitologisk Foreining avd Sogn og Fjordane</u> peikar på at akvakultur er problematisk i særleg høve til sjøfugl.</p> <p><u>Sogn og Fjordane fiskarlag og Sogn og Fjordane småfiskarlag</u> ønsker ikkje meir oppdrett i Nordfjorden og syner til at det i Nordfjorden er eit aktivt brislingfiske, samt fiske med garn, line og teine, og det er registeret gyteområde for kysttorsk. Bruken av sjøareala til fiske- og rekreasjonsområde.</p> <p><u>Norske Lakseelver og Norges Jeger- og Fiskerforbund</u> ønsker ikkje auke i akvakulturproduksjon i Nordfjorden av omsyn til sjøaure og villaksen. Dei foreslår at kommunen i planen stiller følgjande teknologinøytrale funksjonskrav: Innan 2030 skal akvakulturanlegga i kommunen ikkje sleppe ut lakselus, andre patogen eller legemiddelrestar. Partikulært avfall skal samlast og resirkulerast slik at viktige resursar som bl.a. fosfor kan gjenbrukast. For nye anlegg, konsesjonar eller lokalitetar, gjeld krava umiddelbart.</p> <p><u>Bremanger kommune</u> syner til at det er kome fleire innspel om nye areal til akvakultur og utviding av areal til akvakultur på sørsida av Nordfjorden, det kan vere for liten avstand mellom anlegga.</p> <p><u>Gloppen kommune</u> ser at akvakulturproduksjon i fjorden påverkar på tvers av kommune-grensene og stiller spørsmål om tida er mogen for å lage ein felles forvaltnings- og utviklingsplan for Nordfjorden, som eit samarbeid mellom kommunane i fjorden.</p> <p><u>Vestland fylkeskommune</u>, syner til at auka tal akvakulturanlegg, hamneområde og utfyllingar i sjø set sjøareala og strandsona under press, både når det gjeld økologiske tilhøve, landskapsverdiar, friluftsliv og rekreasjon. Det er difor viktig at ein ser på den samla belastninga av alle dei føreslegne tiltaka og ikkje berre på konsekvensane av kvart enkelt tiltak.</p> <p><u>Kystverket</u> varslar motsegn til VA57 på grunn av at arealet kjem i konflikt med farlei.</p>	
--	---	--

Leikanger: (Stokkenes til Sjøstad)

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
VHS-01		

Næringsaktørar	Fråsegn 2. høyring – Stad vekst Understrekar kor viktig sikker frå og samfunnsnyttig molo er for Leikanger/Stadlandet. Sikker frå og molo tryggar framtida til beboarar, næringsliv og lokalsamfunnet på Stadlandet. Fråsegn til 1. høyring - Fjellmøy AS Fråsegn til 1. høyring – Stad kystbygg Fråsegn til 1. høyring - Stadlandet bedriftsforening	Moloen på Leikanger er med vidare, då det etter kommunen si vurdering er eit viktig prosjekt for næringslivet i eit lokalt og regionalt perspektiv. Kommunen vil vurdere avgrensing av området, og ber statforvaltaren om mekling
Siv-Tonje Otneim og Jan-Ove Leikanger	Fråsegn til 1. høyring Går imot etableringa av Stad Molo	Kommunen vil vurdere avgrensing av området, som ledd i mekling med statsforvaltaren
Statsforvaltaren i Vestland	VHS01 Leikanger hamn Med tilvising konsekvensutgreiinga, om negative verknader og med tilråding om vesentleg reduksjon, fremjar statsforvaltaren motsegn mot VHS01 slik planen no ligg før.	Kommunen vil vurdere avgrensing av området, og ber om mekling
Svein Hansen	Fråsegn til 2. høyring Justert avgrensing i høve til godkjend plan – Årsheim Fråsegn til 1. høyring Fråsegn til 1. høyring	Det vert ikkje lagt inn endring på dette arealet som er godkjend i gjeldande arealplan (KPA Selje). Dette er for å unngå ny motsegn frå statlege og regionale etatar.
Sveinung Hansen	Fråsegn til 1. høyring Stilles spørsmål ved utfylling på Stokkenes BN01	Gjeld næringsareal på land knytt til oppdrettsanlegg

Kjøde

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
BA01		
Karstein Dagfinn Kjøde	Fråsegn 3. høyring Ber om at tilkomstveg til naust vert sikra, då planlagd nærings/ kaiområde avskjer eksisterande veg	Dette vert vurdert i detaljreguleringsplan
	Fråsegn 2. høyring - Hovden Senior AS Fråsegn 1. høyring – Gunn Sølvi Kjøde Brandal Er positive til tiltak som kan generere framtidig aktivitet og næring, inkl nytt næringsareal og massedeponi. Transport må skje med lekter	Teke til orientering
Fleire	Fråsegn 2. høyring- Kristian Teigen Fråsegn 2. høyring - Arne Kjøde Fråsegn 2. høyring - Reidar Kjøde	Gjenvinningsanlegg er vurdert som viktige samfunnsinteresser og difor framleis i planforslaget.

	<ul style="list-style-type: none"> - Ønskjer ikkje ressursbank og gjenvinningsanlegg. Dette vil medføre mykje lydstry, støy og lysforureining. Området ligg inntil høge fjell som vil reflektere lyden av stål mot stein som ein høgtalar mot bygda. - Er budd på 4-5 år med sprenging, støy, støy og vibrasjon, men ikkje massedeponi på land over ubestemt tid. Forstår at dette kan vere næringsutvikling for kommunen, men det er ikkje det for bygda. Om dette prosjektet blir vedtatt blir det på kostnad av folket som bur i bygda. - Ber om at arealet aust for SFE Produksjon sin eigedom Gnr. 202 / bnr 9 (Avløpskanalen frå kraftverket) vert teken ut av planområdet. - Er det lagt planer for kva som må gjerast for at dette området skal kunne brukast til dette formålet ? - Deler av området er 7-8 m. djup vassfull myr. Skal alt dette fjernast ? Kor hen ? Drenering av bassenget ? - Blir tunellmassene dumpa direkte på myra slik den ligg i dag, vil steinmassene synke til bunns og fortrenge myrjorda. Kva blir konsekvensane ? og korleis skal man seinare kunne gjenbruke stein massane i og på myra til det formålet dei er tiltenkt ? 	<p>Det vert sett strenge krav til luft-, lys-, vibrasjon- og støyureining gjennom føresegnene til planen. Korleis dette skal gjerast må utgreiast i forstudie og detaljregulering</p> <p>Arealet aust for SFE sin eigedom er viktig for å få tilkomst til gjenvinningsanlegget.</p>
<p>Jon Arve og Jorunn Kjøde (eigarar 202/5) Stig Bjørnar Kjøde Siri Petrin Kjøde</p>	<p><u>Fråsegn 3. høyring</u> Har forståing for at steinmassane frå skipstunnelen er verdfulle for samfunnet, men meiner planframlegget inneber for store belastningar for Kjøde. Stiller spørsmål ved:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Støyvurderingar (omlastingar, knuseverk) - Kai/næringsareal – driftsansvar og etterbruk, type næring - Innbyggjarmedverknad - Kompensasjon for ulemper, konsekvensreducerande tiltak <p>Peikar på tap av naturområde og naturleg strandline, og etterlyser meir informasjon. Kan ikkje støtte planframlegget.</p>	<p>Dette er tema som må utgreiast i samband med detaljreguleringsplan</p>
	<p><u>SFE</u> ønskjer auka avstand mellom kraftverk og næringsareal. Gjer merksam på utfordringar knytt til vibrasjonar, støy, setningar, overflatevatn, rørgate og drikkevasskjelde</p> <p><u>NVE</u> gjer merksam på at utbyggingsarealet kan vere i konflikt med både eksisterande kraftverk, transformatorstasjon og kraftleidningar. I konsekvensutgreiinga er det ikkje vurdert korleis planlagt arealbruk skal ta tilstrekkeleg omsyn til desse anlegga. Nokre av anlegga er ein del av regionalnettet med konsesjon etter energilova. NVE rår sterkt til at det vert regulert omsynssone H740 Bandlegging etter anna lovverk med tilhøyrande</p>	<p>SFE og NVE sine merknader vert utgreidd i detaljreguleringsplan</p>

	føresegner for området, som vil synleggjere og sikre at det må takast tilstrekkeleg omsyn til anlegga i vidare detaljplanlegging Statsforvaltaren er positiv til tiltaket	
BA02		
Aina E. Skogseid	Fråsegn 3. høyring Ønskjer VS01 og BA02 ut av kommunedelplan for sjøareal. Kjøde må ikkje bli gjort om til ein industriplass med tungtrafikk, støv, støy og forurensing m.m	BA02 vert teke ut av planen og erstatta med LNF-formål.
Irene Hovde, Terje Haugen og Arne Kjølde	Går sterkt i mot å legge området til rette for byggje- og anleggsformål, med kai knytt til kaianlegget ved Hovden Senior AS si kai. Dei ynskjer at dette området vert lagt inn med eit føremål som tek omsyn til bruken av området til strand og som grøntareal opp mot husa på eigedomane.	BA02 vert teke ut av planen og erstatta med LNF-formål
Hovden Senior AS	Fråsegn 2. høyring - ønskjer tilrettelegging for friluftsliv, turstiar/turvegar - kommunen/kystverket bør vurdere utviding av molo/hamneområde ved tunnelopninga	BA02 vert teke ut av planen og erstatta med LNF-formål. Det er framleis mogleg å utvide kaia med 15 m innanfor reguleringsplan for Stad skipstunnel
BA05		
Kåre Teigen Helge Skorge	Fråsegn 1. høyring – Kåre Teigen Fråsegn 1. høyring – Helge Skorge Fråsegn 1. høyring – Helge Skorge Fråsegn 1. høyring – Helge Skorge Innspeil til bruk av massar	I tidlegare fråsegn melde Statsforvaltaren at det var klart i strid med SPR for strandsoneforvaltning å fylle ut i sjøen i ei urørt fjøresone som dette for å byggje fritidsbustader (rorbuer), sjølv om det er tenkt som del av turistretta næringsverksemd.. Utleiehytter på fylling i sjøen kan ikkje sjåast på som berekraftig bruk og forvaltning av strandsona. Etter denne tilbakemeldinga vart arealbruken endra til utfyllingsområde for kombinerte føremål landbruk, næring og naust, med krav om detaljreguleringsplan der faresone skred vert vurdert. Kommunen har ikkje motteke negative fråsegner til dette arealet, og ber om mekling for dette området.
Statforvaltaren i Vestland	- fremjar motsegn med krav om å ta BA05 ut av planen - Peikar på nærleik til BA01, og manglande konkretisering av kva næringsføremål som er tenkt	
VS01		
Jon P. Borgund	Fråsegn 1. høyring Ønskjer småbåthamn ved bustadfeltet	Det ligg føre gyldig reguleringsplan for dette området. Landarealet vert difor teke ut av kommunedelplanen.
Tidlegare høyringsframlegg		

Fleire	Fråsegn 2. høyring - Karstein Dagfinn Kjøde, Liv Karin Kjøde, Jorunn Torill Kjøde Fosse Fråsegn 2. høyring - Reidar Kjøde Fråsegn 2. høyring - Hovden Senior AS Fråsegn 1. høyring - Karstein Dagfinn Kjøde, Liv Karin Kjøde, Jorunn Torill Kjøde Fråsegn 1. høyring - Even Elde Fråsegn 1. høyring - Gunn Sølvi Kjøde Brandal Motstand mot dumperveg gjennom bygda.	Areala i Kjøde vart lagt ut på ny høyring, begge alternative trasear for dumpervegar er tekne ut etter 2. høyring
--------	--	---

Berstad

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Inger Johanne og Arthur Hole Borghild og Hans Berstad Turid og Olav Lesto Bård og Finn Myrstad Synnøve og Svein Lesto Sølvi og Herman Berstad	<p>Fråsegn 2. høyring</p> <p>Tunnelen kjem til å gjere stor skade og vere ei stor belastning for dei, både i byggeperioden og når tunnelen er i drift. Masseutfylling BA21 samt regulering av området ved Berstadelva BKB 12, vil vere eit uerstatteleg inngrep i naturmiljøet i Moldefjorden. Dei ber derfor at planane om både masseutfylling BA21 og regulering av BKB 12 må takast ut av planen.</p> <p>Dei viser til at BA21 og BKB2 er redusert i forhold til fyrste høyring. BA21 er endra frå massedeponi til masseutfylling. I feltet arealstørrelse står det at arealet er redusert i forhold planen som var lagt ut til første høyring, men storleik er ikkje oppgeve.</p> <p>Formålet masseutfylling vert tolka slik at dette blir ein permanent tilstand. Dei etterspør kven som har eigedomsrett til dette arealet som for det aller meste ligg utanfor 2 meter grensa til 266/1. Vedkomande BKB2 ønskjer dei avklaring på om dette er eit privat prosjekt. Dersom området skal utbyggast til turistformål, stiller dei spørsmål om utbygging i 100 meter belte langs fjorden.</p> <p>Vektlegging av faglege uttaler: Grunneigarane stiller spørsmål ved kvifor kommunen vel å legg fram eit forslag om utfylling BKB2/12 og BA21, som er så strekt motstridande til dei faglege anbefalingane.</p>	<p>Kommunen skal setje i gang eit stadutviklingsprosjekt for bygdene kring tunnelportalane.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Arealet for utfylling på Berstad er redusert betrakteleg. Elveosen er ivareteken gjennom omsynssone natur og arealføremål Natur i sjø. - Eigedomstilhøva ved utfylling i sjø, vil følge eigedomsretten i strandsona. - Prosjektet er eit privat prosjekt der grunneigarane står bak. - Tiltaket vil gje eit utviding jordbruksareal og strandsona på Berstad. - Det er krav om detaljregulering av arealet. Her vil omsyn til elva og andre naturverdiar i sjø og vassdrag verte avklara og avbøtande tiltak for å ivareta desse verdiane sett inn. - Straumtilhøve og rasfare må avklart på detaljreguleringsnivå. <p>Området heiter no BFT 21, og er kraftig redusert i omfang. Elvedeltaet får arealformål natur. Ålegras må utgreiast i reguleringsplanprosessen</p>

	<p>Dei peikar også på at andre omsyn må vurderast opp mot ei slik omfattande utbygging som kommunen no foreslår. Dei nemner omsyn til førekomsten av ålegras som er påvist i den indre del av Moldefjorden.</p> <p>Dei er samde i at det er fornuftig å nytte massane frå skipstunnelen til samfunnstiltak framfor å deponere dei i sjøen, men ei slik deponering kan ikkje gå på kostnad av gode og riktige vurderingar med høve til dei vesentlege verknadane ei slik utbygging kan få for naturmiljø og kulturlandskap.</p> <p>Vidare stiller dei spørsmål med kommunen sine planar for BA21 i framtida. Dei spør om det er etablert eit samarbeid med grunneigar på 266/1.</p> <p>Fråsegn 1. høyring Fråsegn 1. høyring Fråsegn 1. høyring</p>	
Per Helge Helgesen	<p>Fråsegn 1. høyring</p> <p>Utgreiing om planar på 266/1,2</p>	Innspelet er teke omsyn til
Statsforvaltaren i Vestland	<p>BFT21 Berstad (tidlegare BA21)</p> <ul style="list-style-type: none"> - fremjar motsegn mot område BFT 21, slik området no er avgrensa. - Det er eit krav at avgrensinga i all hovudsak ikkje går ut over avgrensinga for utfylling i gjeldande plan. - går ikkje i mot at det kan planleggast for turistretta næring ved Berstad, med utleigehytter godt tilbaketrekt frå sjøen og vassdraget, og med ei tilhøyrande mindre småbåthamn for å dekkje behovet for utleigehyttene. føreset då at tiltaka kan plasserast og byggast utan å gje vesentlege negative verknader for landskaps- og naturverdiane. Det er viktig at utfyllingane i sjøen og i strandkanten vert vesentleg reduserte. Heile elvevifta må takast vare på som framtidig naturområde. - Ein eventuell tilkomstveg mellom utbyggingsområdet i vest til ei eventuell småbåthamn i aust må leggast innom eksisterande mur langs stranda. 	Kommunen tek dette til etterretning, ny avgrensing vert lagt inn i planen.

Eide

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Lasse Lesto, Gry Hystad	Fråsegn 1. høyring	Innspelet er teke med i planframlegget.

	Positivt at massane vert nytta til naudsynte anlegg. Planlagde prosjekt må prioriterast. Ønskjer fylling som kan sikre eiga strandline.	
Statsforvaltaren i Vestland	Statsforvaltaren fremjar motsegn mot VHS22 slik det er vist i den avgrensa høyringa Under føresetnad av at avgrensa av VHS22 vert slik det er føreslege i kartutsnitt datert 19.1.2022 (der kalla BA21), kan dei likevel kunne akseptere tiltaket. Sidan det ikkje er stilt krav om reguleringsplan, bør det stillast vilkår i føresegnene for å sikre god estetisk utforming og god landskapstilpassing av moloen som skal byggast innanfor VS22/BA21.	Arealet vert avgrensa i samsvar med tilbakemelding frå Statsforvaltaren. Nytt formål BA21.

Lesto

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Grunneigarar og fastbuande, besøkande	<p>Fråsegn 3. høyring - Arne Almklov Fråsegn 3. høyring - Kåre Berstad, Einar Hatlenes, Håkon Berstad,</p> <p>Fråsegna avgrensa høyring knytt til BN21. Det tiltaket som er føreslege vil ha store negative verknadar og med usikre konsekvensar for mellom anna natur og visuell oppleving. Dessutan er det peika på skredfare og risiko for utgliding av masse i eventuell fylling. Meiner at ei stor steinfylling med påfylgjande infrastruktur i område BN21 har så mange negative og usikre sider at den må takast ut av Kommunedelplan for sjøareal i Stad kommune</p> <p>Fråsegn 2. høyring - Håkon Berstad, Bente Kvernevik Berstad Fråsegn 2. høyring - Arne Almklov Fråsegn 2. høyring - Gerd Gjengedal Hansen, Runa Gjengedal, Åse Gjengedal Knudsen, Eva Gjengedal, Hilde Gjengedal</p> <p>Det vert peika på at ei stor fylling i Lestovika vil vere særskjemmande, og gjere Selje mindre attraktivt i turistperspektiv. Tiltaket vil medføre ureining, både på land og i sjø. Planane for næringsareal i Lestovika liknar mykje på planforslag frå 2003. Vurderingar og talgrunnlag frå denne planen er neppe relevante no.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje grunngjeve eller dokumentert behov for tiltak i eit slikt omfang som er føreslege. 	<p>Desse fråsegnene gjeld to ulike område. Fråsegner til første og andre høyring gjeld både VHS21/BN22 i Lestovika og næringsarealet BN21 Lesto-Eide. Tredje høyring gjeld kun Næringsarealet BN 21.</p> <p>Fråsegnene syner lokal motstand mot naturinngrep i området, og særleg BN21 som er eit irreversibelt inngrep.</p> <p>Det vert lagt fram ei eiga sak om vurdering av offentlege deponi og næringsområde i Moldefjorden. Det er administrasjonen si klare tilråding at prosjektet i Lesto bør avsluttast og at området BN21 i Lesto bør takast ut av kommunedelplan for sjøområda.</p> <p>Forstudien viser at prosjektet kan gjennomførast, men ikkje kan tilrådest på grunn av prosjektets risiko og kravet til grunnlagsinvesteringar i infrastruktur.</p> <p>Administrasjonen rår til at BN22 og VHS21 vert innarbeidd i planen. Føremålet er då å legge til rette for ei hamn for sjarkflåten.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> • Tiltaket er omfattande og naturøydeleggjande åleine og ekstra m.o.t dei vonlegvis positive effektane av Stad Skipstunnel. • Realistisk finansiering er ikkje dokumentert eller vurdert. • Omfang av behov for utfylling i sjøen og dermed forureining og behov for sikring av fylling i sjøen («plastring») er ikkje vurdert. Dette har også kostnadskonsekvensar. <p>Lestovika er eit særmerkt landskapsområde med både både jordbruksmarker, kulturminner, ålegraseng og gode fiske- og skaldyrplassar. Den naturlege hamna vil bli ubrukeleg etter fylling med steinmasser frå tunneldrifta.</p> <p>Stad kommune si plikt i samband med Stad skipstunnel må vere å avgrense miljøavtrykket så mykje som råd. Det vert elles vist til tidlegare uttale.</p> <p>Fråsegn 1. høyring - Kåre Berstad, Einar Hatlenes, Håkon Berstad, Arne Almklov Fråsegn 1. høyring - Gerd Gjengedal Hansen, Runa Gjengedal, Åse Gjengedal Knudsen, Eva Gjengedal, Hilde Gjengedal Fråsegn 1. høyring - Johan Sundequist</p>	
Næringsaktørar	<p>Fråsegn 3. høyring – Selje næringsforening</p> <ul style="list-style-type: none"> - Selje Næringsforening har tidlegare spelt inn behovet for det vert etablert ei framtidretta fiskerihavn i tilknytning til det planlagte industriområdet. Denne er ikkje med i dei framlagde planane. Det er heller ikkje begrunna kvifor den er halden utanfor. Vi ber difor om at planane om at fiskerihavna vert teke med i planarbeidet. Dette vil kunne auke næringsarealet med ca. 30 mål plassert i unytta terreng, og gje plass til nødvendige sjøhus og service aktivitetar til fiskerinæringa - I den framlagte KU vert det framleis hevda at der er ei ålegraseng i Lestovika og at dette talar mot ei utbygging der. Viser her til innlevert minnepenn med video som viser dei faktiske forekomster av ålegras i området, og ber om at dette vert teke omsyn til i det vidare arbeidet. - KU-en beskriv ikkje det store behovet for at det vert skapt nye arbeidsplassar i ytre/søre del av Stad kommune. Heller ikkje den store positive innverknad denne utbygginga inkl. fiskerihavna vil ha for framtidig utvikling i området er nemnd. 	<p>Desse fråsegnene gjeld også to ulike område. Det er vesentleg å merke seg at første og andre høyring gjeld både VHS21/BN22 i Lestovika og næringsarealet BN21 Lesto-Eide. Tredje høyring gjeld kun næringsarealet BN 21, og det er såleis ikkje slik at VHS21/BN22 er teke ut frå planframlegget.</p> <p>Administrasjonen rår til at BN22 og VHS21 vert innarbeidd i planen. Føremålet er då å legge til rette for ei havn for sjarkflåten.</p> <p>Det vert lagt fram ei eiga sak om vurdering av offentlege deponi og næringsområde i Moldefjorden, der mellom anna næringsareal BN21 Lesto-Eide vert vurdert saman med areal på Moldestad.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> - Den tek heller ikkje føre seg den store samfunnsnytta det er å bruke tunnelmassen til opparbeiding av eit næringsareal i Lesto-vika. Med kort og sikker transport-veg og moglegheiter for kontinuerleg bortkjøring av masser til et sårt tiltrengt næringsareal og fiskerihavn. - Vi reagerer og på at kommuneadministrasjonen set ei utbygging rundt Pelagia AS opp mot ei utbygging i Lesto-vika utan å klargjøre kor stort areal som vil verte disponibelt til ålment bruk utover det Pelagia AS vil trenge sjølve. <p>Fråsegn 3. høyring – Sogn og Fjordane fiskarlag Slik vi leser høringen berører den ikke planene om etablering av en mindre fiskerihavn i Lestovika, og vi anmoder om bevissthet rundt dette når saken skal behandles i Stad kommune</p> <p>Fråsegn 2. høyring – Sogn og Fjordane fiskarlag</p> <ul style="list-style-type: none"> - Lestovika er best eigna til fiskerihamn - Det er viktig å få utfylling langs land for oppbevaring av fiskebruk og utstyr, og sjøhus med opphaldsrom og wc/vaskerom - Hamna må bestå av fast kai og flytekai, med høve til utviding - Flytekai kan vere 9x100 m <p>Fråsegn 2. høyring – Selje næringsforening</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vedlagd forstudie, prosjektskisse mm <p>Fråsegn 1. høyring – Sogn og Fjordane fiskarlag Fråsegn 1. høyring – Selja Sjø Fråsegn 1. høyring – Dag Austring Fråsegn 1. høyring – Selje næringsforening Fråsegn 1. høyring – Riksbygg---</p>	<p>Forstudie for ny fleribrukshamn og næringsområde i Lesto er gjennomført i perioden april 2021 – januar 2022. Forsudien viser at prosjektet kan gjennomførast, men ikkje kan tilrådest på grunn av prosjektets risiko og kravet til grunnlagsinvesteringar i infrastruktur. Forstudien konkluderer med ei klar tilråding om at prosjektet i Lesto bør avsluttast og at området BN21 i Lesto bør takast ut av kommunedelplan for sjøområda.</p>
Vestland fylkeskommune	<p>Det vert gjort merksam på automatisk freda kulturminne i Lestovika. Ved planarbeid vil bli sett krav om utgravningar i fall det blir planlagt tiltak på land eller i sjø som vil ha negative konsekvensar for kulturminna.</p>	<p>Innspelet er teke til orientering</p>
Statsforvaltaren i Vestland	<ul style="list-style-type: none"> - Legg til grunn at 2 av 3 næringsareal i Moldefjorden går ut av planen, og tilbakeførast til fleirbruksområde i sjø/LNF. - rår klart til å velje område BN23 I Moldefjorden som framtidig offentleg næringsområde. BN23 omfattar ei utviding av eit alt etablert 	<p>Administrasjonen deler statsforvaltaren si vurdering, og rår til at BA21 vert teke ut av planen</p>

	næringsområde, framfor å opne for ei ny, stor fylling ved Lestovika eller Hatleneset	
BA22		
Tormod Austring	Fråsegn 2. høyring Framlegg til utnytting av areal på Lesto til fritidsbustader/orbuer naust og bustader Fråsegn 1. høyring	Statsforvaltaren har i tidlegare fråsegn peika på at tiltaket var i strid med statlege planretningslinjer. Arealbruken vart difor endra til utfyllingsområde for kai og molo med føremål næring med krav om detaljreguleringsplan der faresone skred vert vurdert. I tidlegare fråsegn melde Statsforvaltaren at utleigehytter på fylling i sjøen ikkje kan sjåast på som berekraftig bruk og forvaltning av strandsona, og i strid med viktige statlege interesser. Reiselivsanlegg som hamner og båtplassar kunne derimot vere aktuelt. Etter denne tilbakemeldinga vart arealbruken endra til utfyllingsområde for kombinerte føremål landbruk, næring og naust, med krav om detaljreguleringsplan der faresone skred vert vurdert. Kommunen har ikkje motteke andre negative fråsegner til dette arealet, og ber om mekling for dette området.
	Statsforvaltaren har kome med motsegn mot framlegget . Dei kan eventuelt godta eit mindre naustareal lengst mot vest.	

Hatlenes

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Geir Håkon Andersen	Fråsegn 2. høyring Andersen skriv at Moldefjorden vert brukt heile året av både turistar og fastbuande. Meir utbygging, i tillegg til tunnelen, er det ikkje plass til. Auka skipstrafikk vil skape farlege situasjonar, bråk og støy. Fråsegn 1. høyring	Arealet på Hatlenes ligg ikkje inne i kommunedelplanen, plangrensa ligg utanfor næringsarealet. Området er ikkje aktuelt som kommunalt næringsareal

Bådane /Reset

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
----------	-----------------	---------------------------

<p>Fleire</p>	<p>Fråsegn 2. høyring - Atle Riksfjord Fråsegn 2. høyring - Marianne og Thomas Flølo Fråsegn 2. høyring - Saron Osmundsvåg og Nina Beate Raad Osmundsvåg Fråsegn 2. høyring - Lena Flølo og Ole Anton Drabløs Fråsegn 2. høyring - Stine Fylling Silden og Tommy Silden Fråsegn 2. høyring - Arnstein Barmen og Wenche-Linn Barmen Fråsegn 2. høyring - Oppsitjarar i bustadfeltet Reset v/Kjetil Fure Fråsegn 2. høyring - Innbyggjarane i Vikavegen Fråsegn 2. høyring - Selje sanitetsforening</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ønskjer ikkje utfylling utanfor industriområdet på Reset - Negativt for trafikktryggleik og landskapsomsyn - Industriutviklinga bør skje utanfor sentrum - Strandlina mykje nytta friområde - Område går inn i omsynssone gyteområde og oppvekstområde for fisk <p>Fråsegn 1. høyring - Atle Riksfjord Fråsegn 1. høyring - Marianne og Thomas Flølo Fråsegn 1. høyring - Lena Flølo og Ole Anton Drabløs Fråsegn 1. høyring - Atle Riksfjord, Jan Vidar Smenes, Saron Osmundsvåg og Nina B. Raad Osmundsvåg, Arnstein og Wenche-Linn Barmen Fråsegn 1. høyring - Stine Fylling Silden og Tommy Silden Fråsegn 1. høyring - Arnstein Barmen og Wenche-Linn Barmen Fråsegn 1. høyring - Oppsitjarar i bustadfeltet Reset v/Kjetil Fure Bilete</p>	<p>Bådane/Reset låg ikkje inne i planframlegget ved første høyring, men i samband med utleggingsvedtaket kom det sterke politiske signal om at arealet skulle leggest inn ved 2. høyring.</p> <p>Dette vart gjort. Etter 2. høyring varsla statsforvaltaren motsegn mot formålet då ei større utfylling med kailinje vil gje redusert landskapsverdi og negativ endring av landskapsopplevinga, naturmangfald, marine ressursar og friluftsliv.</p> <p>Administrasjonen rår til at motsegn og merknader frå naboane vert teken til følge og BN27 og VHS25 vert teken ut frå planen.</p>
<p>Selje næringspark AS</p>	<p>Fråsegn 2. høyring Tiltakshavar skriv at KU for området inneheld fleire feil og lite presise skildringar som vert kommentert punktvis, sjå link til fråsegna</p> <p>Fråsegn 1. høyring Fråsegn 1. høyring Fråsegn 1. høyring Fråsegn 1. høyring Fråsegn 1. høyring Fråsegn 1. høyring</p>	<p>Kommunen har nytta Nordplan til å utarbeide utgreiingane, som byggjer på offentleg godkjende databasar. Administrasjonen finn ikkje grunnlag for å overprøve desse faglege vurderingane</p> <p>Administrasjonen rår til at motsegn og merknader frå naboane vert teken til følge og BN27 og VHS25 vert teken ut frå planen.</p>

Statsforvaltaren i Vestland	Ei større utfylling med kailinje vil gje redusert landskapsverdi og negativ endring av landskapsopplevinga, naturmangfald, marine ressursar og friluftsliv. Formålet er i motstrid med statlege interesser, fremjar motsegn om dette vert teke inn i planen	
-----------------------------	---	--

Selje sentrum

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Anders Lien	Fråsegn 2. høyring Ber om at ny småbåthamn i Vikatjønnna/Jensneset vert teke med i planen, det er stor trong for båtplassar i Selje. Dette er eit sentrumsnært området som i dag ligg unytta og skjemmaende for omgivnadane Ei utbygging i tråd med forslaget, og sett i samanheng med utvikling av eit parkanlegg på Jensneset og den nærliggjande småbåthamna i Holmavika, vil løfte området til å verte ei pryd for Selje sentrum.	Jensneset/Vikatjønnna ligg utanfor planområdet, det må vurderast i detaljreguleringsplan
Fleire	Fråsegn 2. høyring - Selje sanitetsforening - Jensneset/Vikatjønnna Ønskjer å ta vare på dette området som ein lett tilgjengeleg trivselsressurs Fråsegn 1. høyring - Selje sanitetsforening Fråsegn 1. høyring - Marit Starheim, Olaug Hove Lillebø, Kjellaug Hove Venøy Fråsegn 1. høyring - Jan Petter Venøy	Jensneset/Vikatjønnna ligg utanfor planområdet, det må vurderast i detaljreguleringsplan

Salt

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Else og Per Ove Våge	Fråsegn 1. høyring Fråsegn 1. høyring Ønskjer å leggje til rette for småbåthamn/turisme	Viser til motsegn frå Statsforvaltaren. BFT23 vert teke ut av planframlegget.
Venke Toril Moldestad og Øystein Thunem, Hans Steinar Salt og Anne Lise Salt, Dieter Schurer, Paal Villand Kvevik og Ada Monikkendam,	Fråsegn 2. høyring - Venke Toril Moldestad og Øystein Thunem, Hans Steinar Salt, og Anne Lise Salt, Dieter Schurer, Paal Villand Kvevik og Ada Monikkendam, Hilde Liland, Ruth Charlotte Paulsen og Arthur Paulsen Fråsegn 2. høyring - Hilde Anett Liland	Viser til motsegn frå Statsforvaltaren. BFT23 vert teke ut av planframlegget.

Hilde Liland, Ruth Charlotte Paulsen og Arthur Paulsen	<ul style="list-style-type: none"> - tilkomstvegen er ikkje dimensjonert fortrafikk til småbåthamn/campingplass, trafikk vil kome i konflikt med landbruksinteressene - tiltaket vil medføre estetisk sjenanse og støyulemper - auka næringsaktivitet i sjøområde vil vere i strid med planen sitt effektmål - stiller spørsmål ved om planavgrensinga er ryddig - planen tek ikkje nok omsyn til konsekvensar for tilgrensande landareal - småbåthamn i Øygardsvika vil ha mindre påverknad på etablert busetnad, kulturlandskap og naturmangfald - Stiller spørsmål ved behovet for ventekai, sidan det er avsett areal til dette ved Eide. 	
Statsforvaltaren i Vestland	<ul style="list-style-type: none"> - store inngrep og tiltak i eit strandområde og landskapsområde med store kvalitetar - negative verknader også for jordvern, naturmangfald, marine ressursar, nærmiljø og friluftsliv <p>I strid med statlege interesser, fremjer motsegn om dette vert teke inn i planen</p>	

Moldestad

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
Grim Austring	Fråsegn 1. høyring Ønskjer ikkje utviding av næringsareal på Moldestadneset	Teke til orientering
Birgitte Vik	Fråsegn 3. høyring Fråsegna gjeld område BN23. Viser til freda kulturminne og rekreasjonsverdi. Har hytte på Klubbeholmen, som vert direkte råka av tiltaket. Ønskjer at område vert teke ut av planen	Teke til orientering Området er noko redusert i høve til opprinneleg plan.
Vestland fylkeskommune	<ol style="list-style-type: none"> 1. Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering opprettheld motsegna til utvidinga mot aust av nærings- og tilhøyrande kaiområde på Moldestad (Pelagia). Motsegna er knytt til formelle manglar i høve til kulturminneverdiar og har vesentleg negativ verknad på nasjonale kulturminneverdiar og dermed for myndeområde som fylkeskommunen skal ivareta. 2. Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering reiser motsegn til mangelfull konsekvensutgreiing for utvidinga av BN23 og VHS24 mot 	<p>Stad kommune meiner at det ikkje ligg føre motsegnsheimel jf pbl § 5.5. Kommunen ber difor Statsforvaltaren om mekling knytt til område BN23.</p> <p>VHS24, vert teke ut av planen. I endeleg planframlegg vert det føreset at kaiankegg og hamneområde i sjø skal ligge innanfor BN23</p>

	aust. Dei automatisk freda kulturminna og konsekvensane som tiltaka vil ha, er ikkje nemnt i KU.	
Statsforvaltaren	<ul style="list-style-type: none"> - Legg til grunn at 2 av 3 næringsareal i Moldefjorden går ut av planen, og tilbakeførast til fleirbruksområde i sjø/LNF. - rår klart til å velje område BN23 I Moldefjorden som framtidig offentlig næringsområde. BN23 omfattar ei utviding av eit alt etablert næringsområde, framfor å opne for ei ny, stor fylling ved Lestovika eller Hatleneset - stiller spørsmål til kommunen si vurdering av at det ikkje er naudsynt med oppdatert konsekvensutgreiing for område som opnar for utvida utfyllingsområde, som BN25 og BN23. Det er stilt krav om reguleringsplan for områda, og eventuelle naudsynte utgreiingar og omsyn til landskap, naturmiljø, nærmiljø (i form av t.d. støy og lys) m.m. må då grundig vurderast og avklarast gjennom utarbeiding av reguleringsplan. 	Det er lagt fram ei eiga sak som omhandlar kommunale næringsområde i Moldefjorden. Tilrådinga er å gå vidare med planlegging av eit næringsareal på Moldestad.

Flatraket

Avsendar	Innspel/merknad	Stad kommune si vurdering
AS Fiskevegn og Kvernevik AS	<p>Fråsegn 2. høyring</p> <p>Ønsker å oppretthalde eksisterande areal i reguleringsplan av 2017, samt implementere areal framfor/utanfor AS Fiskevegn sin nyerverva tomt frå 290/4, jf vedlegg til fråsegna. Dette vil bidra til at AS Fiskevegn og Kvernevik har vidare utviklingsmuligheter.</p> <p>Fråsegn til 1. høyring</p>	Framlegget vart lagt ut på avgrensa høyring. Etter høyringa vart framlegget trekt
Fleire	<p>Fråsegn til 3. høyring – Stine Aase Myhre</p> <p>Fråsegn til 3. høyring – Michal Nygård</p> <p>Fråsegn til 3. høyring – 333 underskrifter</p> <p>Fråsegn til 3. høyring - Tone Høydal og Arild Kjøsnæs, Alf Øksdal og Mari Engen, Rune og Oddny Frøholm, Rolf Strømmen</p> <p>Fråsegn til 3. høyring - Kari og Asgeir Flataker</p> <p>Fråsegn til 3. høyring - Harald Kupaen m/fam</p> <p>Ber om at BN25 vert teke ut av planen.</p>	<p>Etter 1. høyring vart BN 25 og VA 26. AS Fiskevegn og Kvernevik AS fremja då eit ønske om ei mindre utviding av næringsarealet som ligg inne i gjeldande arealdel. Dette vart lagt ut på avgrensa ettersyn (3. høyring). Høyringa synte sterk lokal motstand .</p> <p>Plangrensa for kommunedelplan for sjøareal vert lagt utanom allereie godkjent areal til næring, småbåthamn og naust på Perneset (BN2 og BAB1 i gjeldande kommuneplanens arealdel for Selje 2017 - 2029).</p>

	<p>Peikar på bruken av arealet til friluftsliv og rekreasjon. Fryktar stor skade på strandsone, fiskeplassar, friområde, badestrender, kulturområde, buområde og bulyst.</p> <p>Fråsegn til 1. høyring – Stig M. Ødegård Fråsegn til 1. høyring – Ranveig Refvik Fråsegn til 1. høyring – Marit Moldestad Fråsegn til 1. høyring – Flatraket IL Fråsegn til 1. høyring – Kari J og Asgeir Flataker Fråsegn til 1. høyring – Ivan Flataker Fråsegn til 1. høyring – Sølvi M. og Bjørn Roger Rasmussen Fråsegn til 1. høyring – Tove og Asbjørn Hamre Fråsegn til 1. høyring – Jon R. Falkevik Fråsegn til 1. høyring – Arve-Martin og Ingunn Husevåg Fråsegn til 1. høyring – Vigdis og Knut Arne Gjengedal Fråsegn til 1. høyring – Bertha K. Eriksen Fråsegn til 1. høyring – Inger V. Nygård Fråsegn til 1. høyring – Arnfinn Kolerud Fråsegn til 1. høyring – Alf Øksdal, Arild Kjøsnæs, Rune Frøholm Fråsegn til 1. høyring – Kjersti Flataker Fråsegn til 1. høyring – Harald Kupaen m.fam Fråsegn til 1. høyring – Steinar Instebø Fråsegn til 1. høyring – Johan Kroken Fråsegn til 1. høyring – Anne Marie Kvarmestøl Fråsegn til 1. høyring – Håvard Nyheim Fråsegn 1. høyring – John Birger Kupaen og Hans Arne Kupaen Fråsegn 1. høyring – Ottar Nygård Fråsegn til 1. høyring – Beate Flataker</p>	
	<p><u>Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane (på vegne av Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane og Vestland Natur og Ungdom)</u> syner til at oppdrett her vil beslaglegge ytterlegare areal i sjø og ikkje kan rettferdigjere sjølve utfyllinga då oppdrettsanlegg normalt plasserast frittstående i sjø.</p>	<p>Merknadane er teke omsyn til</p>